



Fylkesmannen i  
Hordaland

**Innsette i norske fengsel:  
Utdanning, utdanningsønske og  
rett til opplæring**

Ole-Johan Eikeland  
Eikeland forskning og undervising

Terje Manger  
Åge Diseth  
Institutt for samfunnspsykologi,  
Universitetet i Bergen

2006

**Innsette i norske fengsel:**

# Utdanning, utdanningsønske og rett til opplæring

**Ole-Johan Eikeland**

Eikeland forskning og undervising

**Terje Manger**

**Åge Diseth**

Institutt for samfunnspsykologi,  
Universitetet i Bergen

## Føreord

Rapporten som no ligg føre, *Innsette i norske fengsel: Utdanning, utdanningsønske og rett til opplæring*, er ei kartlegging av skolebakgrunn, utdanningsønske og kor mange som har rett til opplæring. Rapporten omfattar innsette over 18 år i alle norske fengsel. Det er den første i ein serie av tre rapportar om innsette og utdanning i norske fengsel.

Undersøkinga er gjennomført av fagsjef Ole-Johan Eikeland, Eikeland forskning og undervising og professor Terje Manger og førsteamanuensis Åge Diseth, Institutt for samfunnspsykologi, Universitetet i Bergen, etter oppdrag frå Fylkesmannen i Hordaland. Denne rapporten er ei oppfølging av St.meld.nr.27 (2004-2005) *Om opplæringen innenfor kriminalomsorgen "Enda en vår"*.

Rapporten får fram mange interessante funn om utdanningsbakgrunn, utdanningsønske, lærevanskar og kor mange som har rett til opplæring. Dette er viktig kunnskap for skolar og kriminalomsorg å ta med seg i vidare drøfting omkring tilrettelegging av opplæringstilboda. Undersøkinga viser mellom anna at det er sju prosent av dei innsette som ikkje har fullført grunnskole, medan 12,9 prosent har fag eller grad på universitets- eller høgskolenivå. Det kanskje mest urovekkande funnet er at dess yngre dei innsette er, dess meir sannsynleg er det at dei ikkje har vidaregåande opplæring eller høgare utdanning. Heile 83,7 prosent av innsette under 25 år har ikkje fullført vidaregåande opplæring. Kartlegginga viser vidare at i fengsel utan skole er det ein tredel som har ein rett til vidaregåande opplæring, men dei får ikkje høve til å byrja på opplæringa.

Funna frå rapporten må føre til ein grundig gjennomgang av om innsette sine rettar til opplæring blir godt nok ivaretatt, og ei gjennomgåande drøfting av kva omfang og kva opplæringstilbod som er mest tenlege i høve til dei behova innsette har for opplæring.

Fylkesmannen i Hordaland oppmodar utdanningsstyresmaktene, kriminalomsorga, dei ulike etatane og andre interesserte til å drøfte resultata og vurderingane som er presenterte i denne rapporten.

Fylkesmannen i Hordaland rettar takk til skolar og fengsel som administrerte undersøkinga og til alle innsette som svara på spørjeskjemaet. Vidare rettar Fylkesmannen i Hordaland takk til Ole-Johan Eikeland, Terje Manger og Åge Diseth for godt utført arbeid.

Bergen, juni 2006

Kjellbjørg Lunde  
utdanningsdirektør

# Innhald

<b>Føreord frå forfattarane</b> .....	4
<b>Samandrag</b> .....	5
<b>I. Innleiing</b> .....	7
<b>Utdanningsbakgrunn hos innsette: Tidlegare forskning</b> .....	7
<b>Utdanningsbehov hos innsette: Tidlegare forskning</b> .....	9
<b>Lærevanskar hos innsette: Tidlegare forskning</b> .....	10
<b>Rett til utdanning</b> .....	11
Opplæringslova.....	11
Påverknad frå internasjonalt lovverk.....	12
<b>Opplæringa innan kriminalomsorga</b> .....	12
Omfang av opplæringa.....	13
<b>Problemstillingar i rapporten</b> .....	14
<b>II. Undersøkinga</b> .....	15
<b>Respondentane</b> .....	15
<b>Instrument</b> .....	15
<b>Prosedyre</b> .....	16
<b>Svarprosent</b> .....	16
<b>Oppvekstland</b> .....	17
<b>Om rapporten</b> .....	18
Fullført vidaregåande opplæring.....	18
<b>III. Utdanningsnivået</b> .....	20
<b>IV. Utdanningsønske</b> .....	24

<b>V. Rett til opplæring</b> .....	29
Vidaregåande opplæring og utdanningsbakgrunn.....	30
Rettsstatus og utdanningsønske.....	34
<b>VI. Lærevanskar</b> .....	36
Lese- eller skrivevanskar.....	36
Rekne- eller matematikkvanskar.....	37
Lærevanskar og rettssituasjonen.....	39
<b>VII. Oppsummering og drøfting</b> .....	41
Rett til vidaregåande opplæring.....	41
Utdanningsnivået.....	42
Utdanningsønske.....	43
Lærevanskar.....	44
Praktiske følgjer av funna.....	45
<b>Appendix</b> .....	48
Litteraturreferansar.....	69

## Føreord frå forfattarane

Undersøkinga som rapporten byggjer på er gjennomført ved Institutt for samfunnspsykologi, Universitetet i Bergen, etter oppdrag frå Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga. Oppdraget er utført i samarbeid med ”Eikeland forskning og undervising”.

Utdanningsavdelinga har, etter oppdrag frå Utdanningsdirektoratet, nasjonalt ansvar for fengselsundervisninga i Noreg, og forvaltar tilskotet til opplæring innan kriminalomsorga.

Vi takkar seniorrådgjevar Torfinn Langelid, rådgjevar Jon Fjeldstad, rådgjevar Fred Sætveit, rektor Jan Helge Støve og rådgjevar Atle Vikøyr ved Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga. Dei førebudde og administrerte arbeidet med utsending av spørjeskjema og Langelid oppretta kontakt med nøkkelpersonar i alle fengsla. På denne måten vart det sikra at ein person i kvart fengsel var ansvarleg for gjennomføringa av undersøkinga i sitt fengsel. Utan ei slik tilrettelegging ville det vore umogleg å gjennomføra undersøkinga innan ein så kort tidsperiode. Langelid har også lese og kommentert utkast til rapporten. Vi rettar takk til alle dei som administrerte undersøkinga i fengsla, og ikkje minst takkar vi alle dei 2 255 innsette som svarde på spørjeskjemaet.

Forfattarane er åleine ansvarlege for innhaldet i rapporten, og dermed også for eventuelle feil og manglar.

Bergen, 23. juni, 2006

Ole-Johan Eikeland

Terje Manger

Åge Diseth

# Samandrag

Denne rapporten byggjer på ei undersøking blant alle innsette over 18 år i norske fengsel. Føremålet var å gje eit samla bilete av innsette sin utdanningsbakgrunn, utdanningsønska deira og kor mange som har rett til utdanning. To tusen to hundre og femtifem innsette svarde på spørjeskjemaet. Dette gjev ein svarprosent på 71,1 av dei som fekk skjemaet 2. – 9. februar 2006. Nedanfor er dei viktigaste funna samanfatta. (Grunnlaget for prosentrekning kan vera ulikt for funna dei ulike kulepunkt viser, og det er derfor viktig å sjå denne oppsummeringa i samanheng med tabellane inne i rapporten.)

- 38 prosent av innsette i fengsel og 19,5 prosent av innbyggjarane i Noreg har grunnskule som høgaste fullførde utdanningsnivå.
- 48,1 prosent av innsette og 56,5 prosent av innbyggjarane i Noreg har treårig vidaregåande opplæring som høgaste fullførde utdanningsnivå.
- 13,9 prosent av innsette og 24 prosent av innbyggjarane i Noreg har fag eller grad på universitets- eller høgskule som høgaste fullførde utdanningsnivå.
- 7,2 prosent av innsette har ikkje fullført grunnskule (folkeskule, ungdomsskule eller tilsvarande).
- 15,1 prosent av innsette har fullført vidaregåande opplæring grunnkurs eller tilsvarande, men ikkje meir.
- 17,4 prosent av innsette har fullført VK1 eller tilsvarande, men ikkje meir.
- 30,6 prosent av innsette har fullført treårig vidaregåande opplæring eller tilsvarande.
- 36,9 prosent av innsette har korkje tatt grunnkurs (eller tilsvarande), VK1 (eller tilsvarande) eller treårig vidaregåande opplæring.
- Av dei som svarde er 6,1 prosent kvinner. Menn og kvinner i fengsel sitt utdanningsnivå er etter måten likt, men kvinner har i noko høgare grad enn menn tatt universitet og høgskule.
- Dess eldre dei innsette er, dess større prosentdel har fullført grunnskule, treårig vidaregåande opplæring og høgare utdanning.
- 83,7 prosent av innsette under 25 år har ikkje fullført treårig vidaregåande opplæring.
- 15,9 prosent av dei innsette har vakse opp i eit anna land enn Noreg, og dei frå andre europeiske land har i større grad enn nordmenn fullført treårig vidaregåande opplæring.

- Utdanningsnivået hos innsette i fengsel utan skule er høgare enn hos innsette i fengsel med skule. Det er likevel 59,1 prosent av dei innsette i fengsel utan skule som ikkje har fullført treårig vidaregåande opplæring.
- 54,3 prosent av dei innsette har minst eitt utdanningsønske. Kjønnsskilnadene er små.
- Dess yngre dei innsette er, dess fleire av dei har ønske om meir utdanning.
- 57,7 prosent av innsette i fengsel med skule og 43,3 prosent av innsette i fengsel utan skule har minst eitt utdanningsønske.
- 27,2 prosent av innsette rapporterer at dei har 'litt' og 10 prosent at dei har 'mykje' lese- eller skrivevanskar.
- Om lag ti prosent av mannlege og seks prosent kvinnelege innsette seier at dei har mykje lese- eller skrivevanskar.
- Dess eldre dei innsette er, dess lågare prosentdel er det som seier at dei har lese- eller skrivevanskar.
- 40,7 prosent av innsette i fengsel med skule og 26,1 prosent av innsette i fengsel utan skule rapporterer at dei har lese- eller skrivevanskar ('litt' eller 'mykje').
- 35,7 prosent av innsette rapporterer at dei har 'litt' og 12,3 prosent at dei har 'mykje' rekne- eller matematikkvanskar. Det er ingen kjønnsskilnader.
- 51,4 prosent av innsette i fengsel med skule og 37 prosent av innsette i fengsel utan skule rapporterer at dei har rekne- eller matematikkvanskar ('litt' eller 'mykje')
- Vel sju prosent av dei innsette (utgjer på eitt tidspunkt 230 innsette) har ikkje juridisk rett til vidaregåande opplæring fordi dei ikkje har fullført grunnskulen, men har rett til grunnskulopplæring.
- Åtte prosent av dei innsette (utgjer på eitt tidspunkt 260 innsette) har ikkje fullført vidaregåande opplæring og har heller ikkje juridisk rett til å fullføra slik opplæring.
- Tjueseks prosent av dei innsette (utgjer på eitt tidspunkt 850 innsette) har juridisk rett til vidaregåande opplæring men tek ikkje slik opplæring i fengsel.
- I fengsel med opplæring og i fengsel som ikkje har opplæring er det ein mest like høg prosentdel som har rett til utdanning, men som ikkje tek det.
- Meir enn to tredelar av dei som ikkje har fullført noko utdanning rapporterer at dei har 'litt' eller 'mykje' lese- og skrivevanskar. Førtitre prosent av dei som no ikkje har rett til vidaregåande opplæring har slike vanskar.



# I. Innleiing

I Stortingsmelding nr. 27 (2004-2005), om opplæringa innanfor kriminalomsorga, skriv det dåverande Utdannings- og forskingsdepartementet at målet for opplæringa innanfor kriminalomsorga er det same som for all anna utdanning. Ei godt tilrettelagt opplæring kan ha mykje å seia som del av ei vellukka rehabilitering, og er derfor ei investering for framtida, heiter det. Ikkje minst understrekar departementet at opplæring er god samfunnsøkonomi:

”Ut fra et samfunnsøkonomisk perspektiv kan en økning i omfanget og styrking av kvaliteten på opplæringen være en god investering over tid og ha en rekke positive effekter, som for eksempel lavere kriminalitet, lavere arbeidsledighet og økt verdiskapning. For den enkelte kan utdanning være inngangsbilletten til økt deltakelse i samfunns- og arbeidsliv, og redusere tilbakefall for tidligere innsatte” (s.34 og 35).

Føremålet med denne rapporten, som byggjer på eit spørjeskjema til alle innsette i norske fengsel ei veke i februar 2006, er å kartleggja kor mykje utdanning dei innsette har og kva utdanning dei ønskjer. I tillegg ønskjer vi å kartleggja kor mange innsette som har rett til utdanning og kor mange som har slik rett men som likevel ikkje får utdanning. Undersøkinga er såleis ein lekk i oppfølginga av Stortingsmelding 27. I Innstilling til Stortinget frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen, Inst. S. nr. 196 (2004-2005), ser fleirtalet i komiteen positivt på at departementet ønskjer å identifisera behovet for opplæring tufta på rett:

”Flertallet foreslår at en slik kartlegging bør følgje opp kartleggingen av de innsattes utdanningsbakgrunn og utdanningsbehov, med tanke på å kartlegge innsatte som har rett til opplæring, men som ikke får det. Det vil være aktuelt å finne ut hvorfor de ikke får slik opplæring, om de ønsker opplæring (og hva slags opplæring de ønsker) og hvordan slike ønsker kan imøtekommes” (s. 8).

## Utdanningsbakgrunn hos innsette: Tidlegare forskning

Undersøkinga av utdanningsbakgrunn hos alle innsette i norske fengsel i 2004 (Eikeland & Manger, 2004) viste at vel 92 prosent av dei innsette hadde fullført grunnskule (folkeskule, ungdomsskule eller tilsvarande). Det var dermed nær åtte prosent som ikkje hadde

grunnskule. Prosentdelen innsette utan grunnskule var noko høgare enn det Skardhamar (2002) og Friestad og Skog Hansen (2004) fann i sine undersøkingar.

Ei samanlikning av nyare (t.d. Eikeland & Manger, 2004; Friestad & Skog Hansen, 2004; Skardhamar, 2002) og tidlegare norske undersøkingar (t.d. Fridhov, 1991), viser at innsette sitt utdanningsnivå har auka dei siste 15 åra, både når det gjeld vidaregåande opplæring og høgare utdanning. I 2004 hadde til dømes elleve prosent av dei innsette tatt utdanning på universitet eller høgskule, anten som einskildfag eller grad. Samstundes har innbyggjarane i landet elles fått mykje meir utdanning enn før. Særleg har dei utanfor murane i langt større grad enn dei innanfor murane tatt høgare utdanning. Ei samanlikning av utdanningsnivået hos innsette i 2004 med utdanningsnivået hos innbyggjarane i Noreg, viser at det er nokolunde dekkjande å slutta at innsette ligg 25 år etter innbyggjarane samla (Eikeland & Manger, 2004; Statistisk sentralbyrå, 2005a, 2005b). Dersom vi tek omsyn til at innsette har langt lågare gjennomsnittsalder enn innbyggjarane i landet totalt, er skilnaden mellom same aldersgrupper i og utanfor fengsel større. Dette kjem særleg klart fram i aldersgruppa under 25 år.

Resultata frå undersøkinga i 2004 indikerte at utdanningssystemet ikkje har fanga opp unge innsette. Dette er hovudsakleg innsette som har vore tenåringar under Reform 94 (gjeld norske innsette) – i ei tid då dei aller fleste ungdomane i landet har tatt vidaregåande opplæring. Desse unge har mest sannsynleg vakse opp i høgrisikomiljø, og kan tidleg ha vist antisosial åtferd og kriminalitet. Dei er truleg det mange forskarar (t.d. Fergusson, Horwood og Nagin, 2000; Moffitt m.fl., 2002; Patterson, Capaldi & Bank, 1990) kallar ”tidlegstartarar”. Dermed har dei også falle ut or skulen, og skulen på si side har ikkje makta (eller ikkje ønskt) å ta vare på dei. Hjelpa har også mangla på andre område av livet.

I følgje kartlegginga i 2004 (Eikeland og Manger, 2004) hadde kvinner i fengsel i større grad enn menn fullført høgare utdanning. Denne kjønsskilnaden finst også utanfor fengsel; det er 60 prosent kvinner og 40 prosent menn i høgare utdanning (Statistisk sentralbyrå, 2004). Kjønsskilnaden i fengsel kan avspeгла at kvinner i gjennomsnitt er eldre enn menn når dei gjer lovbrøt, og at dei dermed har fått med seg meir utdanning. Ei slik tolking er det god støtte for i internasjonal forskingslitteratur (t.d. Chesney-Lind og Sheldon, 1998; Talbott og Thiede, 1999).

Det at kvinner i fengsel har meir utdanning enn menn, gjev likevel ikkje grunnlag for å slutta at dei generelt er betre stilte enn menn i fengsel. Andre undersøkingar viser at kvinner som sonar har fleire psykiatriske symptom og mentale vanskar enn menn som sonar. Dei har også i større grad enn menn vore utsette for fysisk, emosjonell og seksuell mishandling (t.d.

McCabe, Lansing, Garland og Hough, 2002). Jenter som har alvorlege åtferdsproblem i ungdomsåra har meir enn dobbelt så ofte som gutar samtidige emosjonelle vanskar og får langt sjeldnare enn gutar hjelp med problema sine (Chamberlain og Reid, 1994; Offord, Boyle og Racine, 1991). Sjølv om jenter og kvinner som viser antisosial åtferd og gjer lovbrott altså startar seint, kan problema deira etterkvart bli svært store.

Blant innsette som har vakse opp i andre land enn Noreg finn vi grupper som heilt manglar utdanning, men også grupper som i større grad enn innsette med norsk bakgrunn har tatt allmennfagleg vidaregåande opplæring og høgare utdanning (Eikeland og Manger, 2004). Det kan vera fleire grunnar til den svært mangelfulle utdanninga hos somme i denne gruppa innsette. Både kulturelle forhold knytt til mangelfulle skule- og utdanningstilbod i landa dei kjem frå og store samansette vanskar frå tidleg i livet er aktuelle forklaringar. Det at grupper utlendingar har tileigna seg eit høgt utdanningsnivå, kan indikera at dei har vist antisosial åtferd og kriminalitet på eit seinare tidspunkt i livet enn dei som manglar utdanning. Kriminaliteten kan sjølvsagt, også for denne gruppa, vera påverka av spesielle forhold i dei landa dei kjem frå, slik som arbeidsløyse og sosial naud eller høg grad av organisert kriminalitet.

## Utdanningsbehov hos innsette: Tidlegare forskning

Innsette si manglande utdanning, samanlikna med innbyggjarane elles, tilseier at dei har behov for å få meir formell utdanning. Behovet for opplæring må sjåast i samanheng med i kva grad dei innsette sjølve ønskjer meir skule og utdanning (Skaalvik, Finbak og Pettersen, 2003). Skardhamar (2002) fann at 51,5 prosent av dei innsette ønskte å ta utdanning medan dei sat inne. I den landsomfattande kartlegginga i 2004 (Eikeland & Manger, 2004; Manger, Eikeland, Asbjørnsen og Langelid, under trykking) kryssa 65,5 prosent av for eitt eller fleire framtidige utdanningsønske. Kring seks prosent ønskte å ta grunnskule, medan yrkesfagleg studieretning (23 prosent ønskjer det) og fag- eller sveinebrev (ønske frå 21 prosent) var mest etterspurd innan vidaregåande opplæring. Kring 14 prosent ønskte å ta ein skildfag på universitet eller høgskule og nær 12 prosent kryssa av for at dei ønskte å ta ein grad.

Både den dokumenterte mangelen på utdanning blant innsette og innsette sine klare ønske om å ta opplæring tilseier at dei har behov for meir skule og utdanning. Desse behova kan både ivaretakast gjennom opplæringstilboda i fengsel og gjennom hjelp med å realisera utdanningsønske etter avslutta soning. Det vert sett på som særleg viktig å sikra kontinuitet

mellom skule og utdanning under og etter soning (Pettersen, Skaalvik og Finbak, 2003; Ravneberg, 2003).

## Lærevanskar hos innsette: Tidlegare forskning

Lese- og skrivevanskar kan koma av dysleksi, mangel på trening (t.d. avbroten skulegang) eller begge desse forholda. Ein gjennomgang av internasjonal forskingslitteratur (Vellutino, Fletcher, Snowling og Scanlon, 2004) konkluderer med at frå ti til femten prosent av grunnskuleelevar har dysleksi som kjem av fonologiske vanskar. I følgje Snowling (2000) har mellom tre og ti prosent av heile populasjonen denne sorten vanskar.

Svenske undersøkingar (Alm og Andersson, 1997; Jensen, Lindgren, Meurling, Ingvar og Levander, 1999) har rapportert at mellom 45 og 60 prosent av innsette i fengsel har markerte lese- og skriveproblem. Samuelsson, Herkner og Lundberg (2003) viste i sin studie av eit utval innsette i svenske fengsel at omfanget av dysleksi likevel ikkje er vesentleg større enn i landet elles. Dette indikerer at mange innsette har lese- og skrivevanskar som kjem av mangel på leseerfaring og avbroten skulegang, noko som også indikerer eit stort behov for tiltak for trening av lese- og skrivefugeleik i fengsel. Eikeland og Manger (2004) fann at mest ein tredel av innsette i norske fengsel rapporterte at dei hadde 'litt' eller 'mykje' lese- eller skrivevanskar.

Med matematikkvanskar eller dyskalkuli meiner ein at reknefugeleiken er vesentleg dårlegare enn kva evnenivå og generell skulefagleg fugeleik skulle tilseia. Ein reknar vanlegvis med at kring femten prosent av skuleelevane har vanskar med å følgje undervisninga i matematikk, og at kring seks prosent av elevane har spesifikke matematikkvanskar. Omkring halvparten av denne sistnemnde gruppa har i tillegg spesifikke lese- og skrivevanskar (Tvedt og Johnsen, 2000). Eikeland og Manger (2004) fann at 29 prosent av dei innsette sa at dei hadde litt rekne- eller matematikkvanskar og vel ni prosent sa at dei hadde mykje slike vanskar. Det var ein klar samanheng mellom det å ha lese- eller skrivevanskar og rekne- eller matematikkvanskar. Berre vel halvparten av dei innsette svarta at dei ikkje hadde nokon av vanskane.

## Rett til utdanning

Innsette i norske fengsel har same rettar til utdanning og opplæring som innbyggjarane i landet elles. Desse rettane er regulerte av Lov om grunnskulen og den vidaregåande

opplæringa (opplæringslova) og internasjonale konvensjonar og tilrådingar. Medlemsstatane i SN og Europarådet har forplikta seg til å følgja opp dei konvensjonane og tilrådingar som dei har vore med og vedtatt. Til dømes har dei nordiske landa inkorporert Den europeiske menneskerettskonvensjonen i lovverket sitt. Dette lovverket skal også sikra personar som sonar i andre land sine fengsel, rett til utdanning.

## **Opplæringslova**

I følgje den norske opplæringslova har alle innbyggjarane rett og plikt til grunnskuleopplæring. Ungdom som har fullført grunnskulen eller tilsvarande opplæring, har etter søknad rett til tre år fulltid vidaregåande opplæring (§ 3-1). I fag der læreplanen føreutset lengre opplæringstid enn tre år, har dei unge rett til opplæring i samsvar med den opplæringstida som er fastsett i læreplanen. Heile retten må normalt takast ut i løpet av ein samanhengande periode på fem år, eller seks år når opplæringa heilt eller delvis blir gitt i lærebedrift. Før 2005 måtte retten takast ut innan utgangen av det året personen fylte 20 år. Endring i opplæringslova i juni 2005 opnar for at den såkalla ungdomsretten kan takast ut innan personen fyller 24 år.

Vaksne som er fødte før 1. januar 1978 og som har fullført grunnskulen eller tilsvarande, men som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, har etter søknad rett til vidaregåande opplæring (§ 4A-3). Dei som er over opplæringspliktig alder, og som treng grunnskuleopplæring, har rett til slik opplæring (§ 4A-1). Retten til opplæring omfattar til vanleg dei faga ein treng for å få vitnemål for fullført grunnskuleopplæring for vaksne. Det heiter i opplæringslova at opplæringa skal tilpassast behova til dei vaksne.

I straffegjennomføringslova er dei innsette sine sivile rettar fastsette (§ 4). Dette blir presisert i forskriftene til lova, som seier at domfelte og varetektsfengsla har same rettar til tenester og tilbod og dei same plikter og ansvar som folk elles i samfunnet. Kriminalomsorga er derfor pålagt, så langt som mogeleg, å leggja til rette for at samarbeidande etatar skal kunne yta sine lovfaste tenester til domfelte og varetektsfengsla, slik at dei skal få ta del i desse tenestene (§4).

## **Påverknad frå internasjonalt lovverk.**

SN har vedtatt ei rekkje tilrådingar som medlemsstatane er pliktige til å følgja opp. I takt med ei utvikling der fleire born og unge blir fengsla, må kriminalomsorga retta seg etter SN sin konvensjon om born sine rettar (Barnekonvensjonen, 1993), mellom anna retten til utdanning (artikkel 28). I UNESCO sine tilrådingar for vaksenopplæring er retten til utdanning ("the

right to learn”) vurdert som ein av føresetnadene for å kunne veksa som individ og samfunnsborgar.

Den europeiske menneskerettskonvensjonen seier i artikkel 2: ”Ingen skal bli nektet retten til utdanning”. Europarådet har også vedtatt ei rekkje tilrådingar som medlemsstatane skal følgja opp. I følge lekk 28.1-29.3 frå 2006 skal eit mest mogleg fullstendig utdanningsprogram organiserast ved kvar anstalt. Dette skal gje innsette høve til å oppfylle individuelle behov og ønske. Fengselsstyresmaktene bør visa særleg merksemd til utdanning av unge innsette og innsette med særlege vanskar, slik som lese- eller skrivevanskar og rekne- eller matematikkvanskar, og innsette som manglar grunnleggjande yrkesopplæring.

Europarådet sine 17 tilrådingar om ”Opplæring i fengsel” slår fast at alle innsette skal ha tilgang til opplæring, ”[...] som er forutsatt å bestå av klasseromsemner, yrkesopplæring, kreative og kulturelle aktiviteter, fysisk fostring og sport, sosial opplæring og muligheter for å bruke bibliotek” (Rekommendasjon nr R, 89, 12 frå 1989, §1). Samla sett går det klart fram av lovverket at både norske og utanlandske innsette har same retten til opplæring som innbyggjarane elles i landet.

## Opplæringa innan kriminalomsorga

Eit overordna verdigrunnlag i norsk kriminalomsorg er at innsette skal ha same tilgang til samfunnet sine tenestetiltak som borgarar elles i samfunnet. I 1969 tok undervisningsstyresmaktene over ansvaret for fengselsundervisninga. I eit rundskriv frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet same året vart det understreka at målet var å gje undervisning til ungdom i skulepliktig alder med mangelfull opplæring. Rundskrivet gjaldt også vaksenopplæring. Med dette vart fengselsundervisninga organisert etter den såkalla ”importmodellen” (Christie, 1970). Det vil seia at skulen er importert inn i fengslet, men er samstundes knytt til organisasjonar utanfor fengslet. Gjennom bruk av importmodellen eller forvaltningssamarbeidet, som det heiter i dag, er intensjonen at systemet i størst mogeleg grad skal normaliserast og vera *ope*, i eit elles lukka system.

Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga, er tillagt den statlege administrasjonen av opplæringa i alle fylka. Det er fylkeskommunen som har ansvaret for både grunnskuleopplæring og vidaregåande opplæring i fengsel. Reint praktisk er lærarane tilsette i ein ordinær vidaregåande skule utanfor fengslet, men tenestegjer i ”moderskulen” sin filial eller avdeling i fengslet (i Oslo og Bredtveit fengsel er opplæringa organisert som eige vaksenopplæringscenter). Det er denne skulen som skriv ut vitnemål til elevane.

Det er ikkje skulestyresmaktene sitt ansvar å gje opplæring på universitets- eller høgskulenivå. Mange utdanningsinstitusjonar prøver likevel å organisera rettleiing for innsette som ønskjer å ta slik utdanning.

## **Omfang av opplæring**

Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga, utarbeider årleg ein nasjonal rapport om opplæringa innan kriminalomsorga. Rapporten for 2005 viser at det var undervisning i 34 av i alt 47 norske fengsel (Fylkesmannen i Hordaland, 2005). Same året var det ti oppfølgingsklassar, som er klassar dei innsette kan halda fram med opplæringa i etter soninga. Total soningskapasitet i dei 34 fengsla var 2 541 plassar. Talet på elevplassar same året var 964 (i 1996 var det 810 plassar). Av det samla undervisningstilbodet var ni prosent av elevplassane i grunnskulen. Over halvdelan av elevplassane var innanfor vidaregåande opplæring, og dei resterande var i samlenemninga ”andre kurs” (mest kortvarige kurs, som ofte ikkje er kompetansegejevande). Talet på elevplassar i grunnskulen i norske fengsel har gått jamt nedover dei siste åra, i tråd med at straffedømde i større grad enn før har fullført grunnskulen. Mest to tredelar av elevplassane i vidaregåande skule i fengsel er innanfor allmenne, økonomiske og administrative fag. I Innstilling til Stortinget frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen (Innst. S. nr. 196, 2004-2005) peikar komitéfleirtalet på at det bør satsast langt meir på utvikling av dei yrkesfaglege opplæringstilboda i fengselsundervisninga.

Dei innsette har ikkje rett til høgare utdanning (frå universitet og høgskular), men som det går fram tidlegare i denne rapporten har mange ønske om slik utdanning. I Innst. S. nr. 196 (2004-2005) understrekar fleirtalet at universitets- og høgskulesektoren i større grad enn i dag må forplikta seg til å følgja opp og leggja tilrette for høgare utdanningstilbod for innsette i fengsla. Fleirtalet ønskjer ikkje at kvalitetsreforma for høgare utdanning, som legg opptil høg grad av undervisningsdeltaking og oppfølging frå lærar, skal gjera det vanskeleg å ta slik utdanning for dei som for kortare eller lengre tid oppheld seg i institusjon.

## **Problemstillingar i rapporten**

Føremålet med denne rapporten er firdelt. For det første skal dei innsette sin skule- og utdanningsbakgrunn kartleggjast. Det vil seia at rapporten skal gje informasjon om kor høg del av populasjonen innsette som har fullført grunnskuleutdanning, vidaregåande opplæring eller fagopplæring og universitets- eller høgskuleutdanning. Ei slik kartlegging av

utdanningsbakgrunn er viktig med tanke på planlegging av skule og utdanning i fengsel og etter avslutta soning. For det andre skal dei innsette sine utdanningsønske kartleggjast. Retten til utdanning krev at ein høyrer på dei innsette sine ønske om skule og utdanning, under og etter soning. For det tredje skal det kartleggjast kor mange som har rett til utdanning, og i samband med det: Kor mange som har rett til utdanning, men som ikkje tek utdanninga dei har rett på. Denne siste problemstillinga vil vi både sjå i forhold til utdanningsbakgrunn og utdanningsønske. Dermed kan vi få svar på spørsmålet om dei som har ein rett, men ikkje har nytta seg av han, verkeleg har eit ønske om å ta meir utdanning. Til sist skal sjølvrapporterte lærevanskar hos dei innsette kartleggjast i lys av retten til opplæring. Det vil seia at vi skal undersøkje kor ofte desse vanskane førekjem hos dei som har nytta retten sin til utdanning, samanlikna med hos dei som ikkje har nytta retten. Det kan nemleg tenkjast at lese- og skrivevanskar, og kanskje også rekne- eller matematikkvanskar, har vore medverkande årsaker til at innsette som har rett til utdanning ikkje har nytta denne retten.



## II. Undersøkinga

### Respondentane

Undersøkinga vart gjennomført i perioden andre til niande februar i 2006, nøyaktig to år etter at kartlegginga i 2004 (Eikeland og Manger, 2004) blei gjennomført. Alle innsette over 18 år som i *denne tidsperioden* sona dom, sat i varetekt eller var under forvaring, var i målpopulasjonen for undersøkinga. I praksis er altså dette ei populasjonsundersøking (ni innsette var under 18 år og er såleis ikkje med her). Nemninga 'innsette' blir brukt om alle tre kategoriane. I følge rapportering frå dei einskilde fengsla var det 3 289 innsette på dette tidspunktet. Ein del var på permisjon eller var opptekne med andre ting, så som rettssaker. Dei var såleis ikkje mogeleg å få fatt i. Det var 117 innsette som av slike ulike årsaker ikkje fekk skjemaet; 3 172 fekk det.

### Instrument

Data vart samla inn ved hjelp av spørjeskjema (sjå Appendiks). Skjemaet vart laga i samråd med ei arbeidsgruppe, som etter oppdrag frå det dåverande Utdannings- og forskingsdepartement, skulle utarbeida ein plan for oppfølging av stortingsmelding 27 (2004-2005). Arbeidsgruppa hadde medlemmer frå Utdanningsdirektoratet, Fylkesmannen i Hordaland, Justisdepartementet ved Kriminalomsorgens sentrale forvaltning og Vox. I tillegg hadde ein representant frå Kunnskapsdepartementet innspel til spørjeskjemaet.

Eit gjennomarbeidd utkast av skjemaet vart prøvd ut på ti innsette i Bergen fengsel. Testen la grunnlag for ein del endringar i spørjemåte, svarkategoriar og utdanningstypar. Ikkje alle innsette i norske fengsel kan norsk. Ideelt sett burde vi ha utvikla skjema på alle aktuelle språk. Dette ville ha blitt for ressurskrevjande, og berre ein engelsk versjon av skjemaet vart laga i tillegg til den norske. Begge versjonane av skjemaet var med i denne utprøvinga. Det vart ikkje utført pilotundersøking etter dette.

## Prosedyre

I kvart fengsel fekk *ein* person ansvaret for å administrera datainnsamlinga. Alle kontaktpersonane vart like før utsending av skjemaene oppringt av Utdanningsavdelinga, Fylkesmannen i Hordaland. På denne måten sikra ein at dei same prosedyrane vart følgde i alle fengsel. Det vart ikkje sendt ordinær puring til dei einskilde som ikkje hadde svart. Fengsel som av ulike grunnar var seine med å senda tilbake utfylte spørjeskjema, fekk likevel ei påminning og ein utvida frist. Det vart då presisert at innsette som eventuelt kom inn i fengslet etter den niande februar, *ikkje* skulle vere med i undersøkinga, men berre dei som var der i den aktuelle avgrensa perioden.

Innsette som ikkje var støe i norsk, fekk den engelske versjonen av spørjeskjemaet i tillegg. For å hindra dobbeltrapping, vart det då presisert at berre den eine av versjonane skulle returnerast. Utover det fekk dei som trong det, hjelp til å forstå skjemaet og fylla det ut. Det var inga individuell identifisering av dei einskilde skjemaene, men dei vart identifiserte med eit fengselsnummer. Undersøkinga er meldt til Personvernombodet for forskning, Norsk samfunnsvitskapleg datateneste AS.

## Svarprosent

Svarprosenten kan reknast ut på fleire måtar: i prosent av dei som skulle ha fått skjemaet (68,6 prosent); i prosent av dei som fekk det (71,1 prosent) og som eit uvekta gjennomsnitt av fengsla (75,9 prosent). Samanlikna med 2004-undersøkinga var det ein litt større del som svarde på undersøkinga denne gongen (71,1 prosent av dei som fekk skjemaet) enn i 2004 (69,8 prosent).

Korleis dei innsette som svarde fordelar seg når det gjeld alder, kjønn, statsborgarskap, oppvekstland og fengselsregion i Noreg, finn ein i tabell II.1. Der finn ein også korleis dei fordelar seg etter fengslingsgrunnlaget. Berre ein liten del av dei som er med i undersøkinga er under forvaring (41 personar, dvs. 1,8 prosent). Ein av åtte er i varetekt. Dette er litt mindre enn kva som var den faktiske situasjonen i norske fengsel på siste undersøkingsdag jamført med Justisdepartementet sine tal (då sat 17,5 prosent i varetekt). Slik sett er innsette med dom litt overrepresenterte i undersøkinga. Kvinnene utgjorde 4,7 prosent av fangepopulasjonen den niande februar; i undersøkinga utgjør dei seks prosent. Over åtti prosent (85,7 prosent) har oppgitt norsk statsborgarskap; 84,1 sa at Noreg har vore oppvekstlandet. (I følgje Justisdepartementet var det 83,2 prosent innsette med norsk statsborgarskapen siste dagen i undersøkinga.) Der er innsette med 67 ulike statsborgarskap i undersøkinga. Innsette frå land

utanfor Europa utgjer ein større del av dei i varetekt enn gjennomsnittet.

Gjennomsnittsalderen til dei innsette er 35 år (standardavvik 10,1).

Tabell II.1. Fordelinga av innsette etter kjønn, aldersgrupper, oppvekstland og fengselsregion med utgangspunkt i fengslingsgrunnlag.

	Fengslingsgrunnlag			Alle N=2255*
	Dom	Forvaring	Varetekt	
	N=1927	N=41	N=282	
<b>Kjønn</b>				
Menn	93,9	93	95,0	94,0
Kvinner	6,1	7	5,0	6,0
<b>Alder</b>				
18 til 24 år	15,3	5	20,9	15,8
25 til 34 år	36,1	33	41,0	36,7
35 til 44 år	30,6	36	29,5	30,5
Over 44 år	18,1	26	8,6	17,0
<b>Statsborgarskap</b>				
Norsk	87,3	90	74,5	85,7
Resten av Norden	1,0	2	4,3	1,4
Resten av Europa	5,7	2	12,8	6,5
Resten av verda	6,0	4	8,5	6,3
<b>Oppvekstland</b>				
Noreg	85,9	83	72,7	84,1
Anna land	14,1	17	27,3	15,9
<b>Fengselsregion</b>				
Aust	14,9	12	31,2	16,9
Nord aust	17,3	61	9,6	17,1
Sør	24,8	2	13,8	23,0
Sørvest	17,3	2	17,1	17,0
Vest	11,7	17	20,9	12,9
Nord	14,1	5	7,1	13,0

\* Denne gjeld *alle* i undersøkinga. Det treng ikkje vera slik at alle innsette har svart på absolutt alle spørsmål, som kjønn, fengslingsgrunnlag, alder eller statsborgarskap. Derfor kan summen av N for kvart spørsmål variere litt.

## Oppvekstland

Dei innsette vart spurde både om statsborgarskap, oppvekstland og om foreldra sine fødeland.

Ein kan godt ha norsk statsborgarskap utan å ha vakse opp i Noreg. Åttito prosent av dei innsette har både norsk statsborgarskap og Noreg som oppvekstland. I tabell II.2 ser vi på korleis statsborgarskapet fordelar seg med utgangspunkt i oppvekstlandet til dei innsette.

Fordelinga i denne tabellen er nokså identisk med 2004-undersøkinga, med unntak av

oppvekstland i 'resten av Europa', der ein større del innsette no har norsk statsborgarskap (14,9 prosent mot 5,7 prosent i 2004).

Tabell II.2. Statsborgarskapet til dei innsette etter oppvekstland. N=100 %.

Statsborgar- skap	Oppvekstland				
	Noreg	Resten av Norden	Resten av Europa	Resten av verda	Totalt
	N=1848	N=38	N=175	N=191	N=2252
Norsk	100	16	14,9	26,2	85,7
Oppvekstlandet	-	84	85,1	73,8	14,3

Under nemninga 'resten av Europa' finn ein både Vest-Europa og Aust-Europa (jamført med den inndelinga av Europa som var vanleg fram til byrjinga av 1990-talet); under kategorien 'resten av verda' finn ein både Amerika (17 innsette), Afrika (72 innsette), Asia (101 innsette) og Oceania (ein innsett).

## Om rapporten

Denne rapporten følgjer omtrent same disposisjonen som rapporten i 2004 gjorde (Eikeland og Manger, 2004). Tabellar er organiserte likeeins, så langt det let seg gjere. Dei opplysningane som rapporten gir, er kontrollerte for dei same bakgrunnsvariablane, så som opphavslandet til den innsette, kjønn, om fengslet har skule eller ikkje og alder. Unntaket er det som dreiar seg om "rett til vidaregåande opplæring". Der har vi måtte føreta inndelingar av dei innsette som ivaretek dei juridiske aspekta knytt til denne retten. I 2004-rapporten nytta vi ei firdeling av dei innsette sin alder. Det er rein slump at inndelinga av alderen til dei yngste innsette er samanfallande med grensa for den omtala "utvida ungdomsretten til vidaregåande opplæring", nemleg 24 år.

### Fullført vidaregåande opplæring

Samanlikna med førre undersøking (Eikeland og Manger, 2004) har vi denne gongen meir kunnskap om kva vidaregåande opplæring dei innsette har fullført og kva nivå dei ønskjer å ta. Særleg kjem skiljet mellom vidaregåande opplæring grunnkurs, kurs 1 (VK1) og kurs 2 (VK2) klarare fram no. I tabellane i kapittel III skil vi derfor mellom dei innsette som har

fullført grunnkurs eller tilsvarande (men ikkje meir), dei som har fullført VK1 (men ikkje meir), og dei som har fullført VK2 eller tilsvarande (under dette også 'gymnas'). Dei sistnemnde vil då vanlegvis ha fullført eit treårig løp, og i tabellane brukar vi nemninga "fullført vidaregåande opplæring" om denne gruppa.

### III. Utdanningsnivået

Dei innsette gav også denne gongen opplysningar om kva utdanning og opplæring dei har. Måten dette vart gjort på i 2006 er litt ulik 2004-undersøkinga. Denne gongen skulle dei berre kryssa av for kva utdanning dei har fullført. (I 2004 kunne dei også gje opplysning om kva utdanning dei hadde påbyrja, eventuelt avbrote.) Denne skilnaden i måten å spørja på *kan* ha ført til at ein del innsette har kryssa av for utdanning som dei ikkje har fullført (enno). Dermed har vi truleg ei viss (om enn lita) overrapportering av kva som faktisk er fullført av utdanning blant innsette denne gongen.

I tabell III.1 presenterer vi kor stor del av dei innsette som seier at dei har fullført dei aktuelle utdanningane som dei fekk seg førelagt i spørsmål 8. Vi konsentrerer oss her om det som er grunnskule (eller tilsvarande), vidaregåande opplæring (eller tilsvarande) og høgare utdanning (ved høgskule og/eller universitet). I tillegg presenterer vi prosentdelen som seier at dei har fullført yrkesopplæring av ein eller annan sort. Det kan vera snakk om fag- eller sveinebrev, yrkesskule (før 1975) eller fullverdig yrkesopplæring elles.

*Merk følgjande når det gjeld tabellane III.1, III.3 til III.6:* Dei som har fullført eit høgare nivå av vidaregåande opplæring, er ikkje med i prosentdelen som har nivået under. Dei som har høgare utdanning er sjølvsagt å finna blant dei med fullført vidaregåande opplæring, og dei med yrkesopplæring kan finnast blant dei med vidaregåande opplæring.

Tabell III.1. Prosent\* innsette som har fullført grunnskule, vidaregåande opplæring, høgare utdanning og yrkesopplæring. N=2255=100 %.

Grunnskule**	92,8
Fullført grunnkurs eller tilsvarande, ikkje meir	15,1
Fullført VK1 eller tilsvarande, ikkje meir	17,4
Fullført vidaregåande opplæring eller tilsvarande	30,6
Høgare utdanning ***	12,9
Fullført yrkesopplæring #	29,5

\* Kvar celle i tabellen er sjølvstendig; 100 prosent minus celledalet er prosentdelen som ikkje har fullført.

\*\* Inkluderer ungdomsskule, folkeskule, framhaldskule og realskule. \*\*\* Inkluderer både enkeltfag og lågare og høgare gradsutdanning ved universitet og høgskule. # Dette overlappar for ein del av dei innsette med fullført vidaregåande opplæring.

I denne populasjonen av innsette er det 7,2 prosent som ikkje hadde fullført noko form for utdanning. Dette talet er nokså likt det som vi fann i 2004-undersøkinga (7,6 prosent). Nesten ein av tre innsette har fullført vidaregåande opplæring, alle sett under eitt. Omtrent ein av seks har fullført vidaregåande grunnkurs; like mange VK1. Kvar åttande innsett har høgare utdanning, anten som enkeltfag frå universitet eller høgskule eller som gradstudium. Av dei innsette som hadde fullført vidaregåande opplæring, grunnkurs, VK1 eller VK2, var det to av tre (67,7 prosent) som hadde gått på yrkesfagleg studieretning; ein av fire (25,2 prosent) på allmennfagleg studieretning.

Det er vidare interessant å sjå om det høgaste fullførde utdanningsnivået til dei innsette framleis er identisk med det som gjaldt i 2004, og ikkje minst samanlikne med heile den norske populasjonen, her vist med oppdaterte 2004-tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB), i tabell III.2. For å gjera tala samanliknbare med SSB sine, prosentuerer vi i tabell III.2 berre ut frå dei som har fullført utdanning. Det vil seia at dei utan grunnskule eller tilsvarande ikkje er medrekna. (SSB held dei som er yngre enn 16 år utanfor sin prosentueringsbasis.)

Tabell III.2. Høgaste fullførde utdanning i Noreg totalt, frå 1970 til 2004 (kjelde: Statistisk sentralbyrå), og blant innsette i norske fengsel i 2004 og i 2006. Prosent.

	Innbyggjarane i Noreg					Innsette	
	1970	1980	1990	2000	2004	2004	2006
N=100 %	2852636	3073132	3310283	3480022	3642888	1788*	2092*
Grunnskule	53,6	44,5	33,6	22,0	19,5	44,7	38,0
Vidareg.	39,2	44,4	51,3	56,3	56,5	43,4	48,1
Høgare	7,3	11,2	15,2	21,9	24,0	11,9	13,9

\* Dei som ikkje har fullført utdanning er halde utanfor, både i SSB sin prosentueringsbasis og i vår undersøking.

Prosentdelen innsette som berre har grunnskule som høgaste utdanning, har falle litt sidan 2004. Han er likevel framleis omtrent dobbel så stor som blant folket elles i Noreg (SSB-tal frå 2004). Prosentdelen innsette med vidaregåande opplæring som høgaste utdanning har stege til 48,1 i 2006. Innsette med høgare utdanning som høgaste fullførde utdanning, har stege frå 11,9 prosent i 2004 til 13,9 prosent i 2006.

Skil dei innsette seg i utdanning når vi delar dei inn etter kva som er deira oppvekstland? Tabell III.3 viser at ein del skilnader gjer seg gjeldande i så måte. Innsette med bakgrunn frå Noreg har den høgaste prosentdelen med grunnskule. Innsette frå Europa har den høgaste delen med fullført vidaregåande opplæring (eller tilsvarande).

Tabell III.3. Prosent\* innsette som har fullført grunnskule, vidaregåande opplæring, høgare utdanning og yrkesopplæring etter geografisk oppvekstland.

	<b>Noreg</b>	<b>Resten av Norden</b>	<b>Resten av Europa</b>	<b>Resten av verda</b>	<b>Totalt</b>
	<b>N=1848</b>	<b>N=38</b>	<b>N=175</b>	<b>N=191</b>	<b>N=2252</b>
Fullført grunnskule**	94,0	87	90,9	83,8	92,8
Fullført gr.kurs, ikkje meir	15,8	8	9,1	15,7	15,1
Fullført VK1, ikkje meir	19,4	8	4,6	11,5	17,4
Fullført vidaregåande oppl.	29,4	40	44,6	27,7	30,6
Høgare utdanning ***	13,2	18	10,9	11,0	12,9
Fullført yrkesopplæring #	31,6	18	21,1	19,4	29,5

\* Kvar celle i tabellen er sjølvstendig; 100 prosent minus celletalet er prosentdelen som ikkje har fullført.

\*\* Inkluderer ungdomsskule, folkeskule, framhaldskule og realskule. \*\*\* Inkluderer både enkeltfag og lågare og høgare gradsutdanning ved universitet og høgskule. # Dette overlappar for ein del av dei innsette med fullført vidaregåande opplæring.

Alderen til dei innsette heng saman med utdanninga dei har. Det ser vi av tabell III.4.

Samanhengen kjem klarast fram når det gjeld vidaregåande opplæring og høgare utdanning.

Prosentdelen med fullført vidaregåande opplæring og høgare utdanning stig klart med alderen.

Blant dei yngste finn ein den største delen som berre har fullført grunnkurs eller VK1, men ikkje har fullført vidaregåande opplæring.

Tabell III.4. Prosent\* innsette med fullført grunnskule, vidaregåande opplæring, høgare utdanning og yrkesopplæring etter alderskategori.

	<b>18 til 24 år</b>	<b>25 til 34 år</b>	<b>35 til 44 år</b>	<b>Over 44 år</b>
	<b>N=338</b>	<b>N=783</b>	<b>N=655</b>	<b>N=364</b>
Fullført grunnskule**	91,7	92,7	93,1	94,8
Fullført grunnkurs, ikkje meir	22,5	15,2	14,7	9,3
Fullført VK1, ikkje meir	27,2	20,7	13,4	8,2
Fullført vidaregåande oppl.	16,3	31,8	33,6	38,2
Høgare utdanning ***	2,7	9,8	16,9	22,8
Fullført yrkesopplæring #	19,8	26,2	31,9	43,7

\* Kvar celle i tabellen er sjølvstendig; 100 prosent minus celletalet er prosentdelen som ikkje har fullført.

\*\* Inkluderer ungdomsskule, folkeskule, framhaldskule og realskule. \*\*\* Inkluderer både enkeltfag og lågare og høgare gradsutdanning ved universitet og høgskule. # Dette overlappar for nokon også med fullført vidaregåande opplæring.

Kvinner og menn i fengsel har omtrent same utdanningsnivået (tabell III.5). Størst skilnad er det når det gjeld yrkesopplæring. Nesten ein av tre menn seier at dei har det; dette gjeld 17



prosent av kvinnene. Ein litt større del kvinner (16,3 prosent) enn menn (12,7 prosent) har høgare utdanning.

Tabell III.5. Prosent\* innsette med fullført grunnskule, vidaregåande opplæring, høgare utdanning og yrkesopplæring etter kjønn.

	<b>Kvinner</b>	<b>Menn</b>
	<b>N=135</b>	<b>N=2120</b>
Fullført grunnskule**	93,3	92,7
Fullført grunnkurs, ikkje meir	14,1	15,2
Fullført VK1, ikkje meir	18,5	17,3
Fullført vidaregåande opplæring	33,3	30,4
Høgare utdanning ***	16,3	12,7
Fullført yrkesopplæring #	17,0	30,3

\* Kvar celle i tabellen er sjølvstendig; 100 prosent minus celletalet er prosentdelen som ikkje har fullført.

\*\* Inkluderer ungdomsskule, folkeskule, framhaldskule og realskule. \*\*\* Inkluderer både enkeltfag og lågare og høgare gradsutdanning ved universitet og høgskule. # Dette overlappar for ein del av dei innsette med fullført vidaregåande opplæring.

Ikkje alle innsette sit i fengsel med skule; tretten fengsel har ikkje tilbod om opplæring. På det grunnlaget kan det finnast skilnader i utdanningsbakgrunnen deira, som vist i rapporten frå 2004. Skilnaden er klart størst når det gjeld fullført vidaregåande opplæring og yrkesopplæring, til dels også høgare utdanning.

Tabell III.6 Prosent\* innsette med fullført grunnskule, vidaregåande opplæring, høgare utdanning og yrkesopplæring etter fengselstype.

	<b>Fengslet har ikkje skule</b>	<b>Fengslet har skule</b>
	<b>N=531</b>	<b>N=1724</b>
Fullført grunnskule**	96,8	91,5
Fullført grunnkurs, ikkje meir	14,1	15,5
Fullført VK1, ikkje VK 2	18,6	16,9
Fullført vidaregåande opplæring	40,9	27,4
Høgare utdanning ***	18,1	11,3
Fullført yrkesopplæring #	35,8	27,6

\* Kvar celle i tabellen er sjølvstendig; 100 prosent minus celletalet er prosentdelen som ikkje har fullført.

\*\* Inkluderer ungdomsskule, folkeskule, framhaldskule og realskule. \*\*\* Inkluderer både enkeltfag og lågare og høgare gradsutdanning ved universitet og høgskule. # Dette overlappar for ein del av dei innsette med fullført vidaregåande opplæring.

## IV. Utdanningsønske

Dei innsette fekk høve til å gjera greie for kva utdanningsønske dei har (spm 15): ni spesifiserte utdanningsønske som dei kunne kryssa av for og ein open kategori for andre typar utdanningar. Utdanningsønske kan henga saman med kva som er fengslingsgrunnlaget til dei innsette og kor lang dom dei har. Ein spesielt usikker situasjon har dei som sit i varetekt. Tabell IV.1 viser kor stor del som har kryssa av for dei ulike utdanningsønska som var lista opp i spørjeskjemaet. I tillegg har vi talt opp kor mange som har minst eitt utdanningsønske blant dei ti kategoriane.

Tabell IV.1. Prosent\* innsette med utdanningsønske etter fengslingsgrunnlag og totalt.

	<b>Dom</b>	<b>Forvaring</b>	<b>Varetekt</b>	<b>Totalt</b>
	<b>N=1927</b>	<b>N=41</b>	<b>N=282</b>	<b>N=2255**</b>
Ungdomsskule	3,1	12	3,9	3,3
Vidaregåande, grunnkurs	12,3	15	20,9	13,4
Vidaregåande, VK1	10,4	5	14,5	10,8
Vidaregåande, VK2	8,3	10	10,6	8,6
Påbygging til studiekompetanse	8,9	10	13,1	9,4
Lærlingkontrakt	10,7	7	13,5	11,0
Einskildfag, univ. el. høgskule	8,5	12	8,2	8,5
Gradsutd., univ. el. høgskule	8,1	17	6,4	8,0
Anna utdanning	8,4	15	7,1	8,4
Minst eitt utdanningsønske	52,5	73	64,5	54,3

\* Kvar celle i tabellen er sjølvstendig; 100 prosent minus celletalet er prosentdelen som ikkje har ønsket

Vi legg merke til at 54,3 har minst eitt utdanningsønske. Dette vil kunne oppfattast som ei relativ stor endring frå 2004 (65,5 prosent gav då uttrykk for minst eitt utdanningsønske). Lesaren skal likevel vera merksam på at i 2004 hadde dei innsette *ikkje* høve til å kryssa av for at dei ” [...] ikkje ønskjer å ta meir utdanning”. Dette kan bidra til litt av denne skilnaden. På den andre sida fekk dei innsette denne gongen fleire utdanningar å kryssa av for, også meir spesifisert enn sist, noko som kunne opna for at fleire kunne finna *sitt* ønske. Ettersom utdanningsnivået aukar, også blant dei innsette, er det heller ikkje heilt urimeleg å tenkja seg

at utdanningsønska faktisk kan minka litt over tid. Blant dei som kryssa av for 'anna utdanning', og spesifiserte kva dei meiner med det, var det ikt-kurs og språkkurs (norsk eller engelsk) som gjekk att.

I tabell IV.1 ser vi at vidaregåande opplæring, saman med lærlingkontrakt, er dei mest etterspurde utdanningsønska. Hovudinstrykket er likevel at etterspurnad etter utdanningstypane er nokså jamnfordelt, med unntak for grunnskuleutdanning. Dei innsette kunne også kryssa av for kva studieretning innan vidaregåande opplæring dei ønskjer å ta til på (spørsmål 16). Av dei som ønskjer seg vidaregåande opplæring er det 24 prosent som seier at dei vil ha allemennfagleg studieretning; 63,4 prosent ønskjer seg yrkesfagleg studieretning; 4,4 prosent ønskjer seg studieretning for musikk, dans og drama, og 6,4 prosent vil ha idrettsfag. (Dei innsette kunne her kryssa av for fleire alternativ.)

Tabell IV.2. Prosent\* innsette med utdanningsønske etter lengda på dommen (utan innsette i varetekt).

	<b>Under 3 mnd</b>	<b>3-12 mnd</b>	<b>1-5 år</b>	<b>Meir enn 5 år</b>
	<b>N=462</b>	<b>N=518</b>	<b>N=656</b>	<b>N=325</b>
Ungdomsskule	2,8	3,5	2,9	4,0
Vidaregåande, grunnkurs	6,5	14,5	15,1	11,7
Vidaregåande, VK1	5,8	11,0	13,3	9,8
Vidaregåande, VK2	6,1	9,3	9,3	8,3
Påbygging til studiekompetanse	8,4	9,3	10,2	6,8
Lærlingkontrakt	6,3	11,4	11,4	14,2
Einskildfag, univ. el. høgskule	8,2	5,6	8,5	14,2
Gradsutd., univ. el. høgskule	5,6	4,6	9,6	15,4
Anna utdanning	6,5	8,3	7,9	12,6
<b>Minst eitt utdanningsønske</b>	<b>38,7</b>	<b>49,8</b>	<b>58,8</b>	<b>65,5</b>

\* Kvar celle i tabellen er sjølvstendig; 100 prosent minus celletalet er prosentdelen som ikkje har ønsket.

Det er nærliggjande å tru at lengda på dommen som dei innsette har, også har konsekvensar for korleis dei ser på sjansane til å ta utdanning i fengsel. I tabell IV.2 ser vi nærare på dette. Situasjonen for dei som sit i varetekt er vesentleg ulik den for andre innsette. Dei har enno ikkje fått endeleg dom, og kan dømmast til varetekt for fire veker i gongen (i spesielle tilfelle kan ein få lenger varetektsdom). Vi avgrensar derfor denne tabellen berre til dei som har endeleg dom og dei som er i forvaring. Lengda på dommen har nokså mykje å seia for kor stor del som ønskjer seg utdanning. Nesten utan unntak er det dei som har lengst dom som

også har den største prosentdelen som ønskjer seg utdanning. Dette kjem best fram når det gjeld kor stor del som har minst eitt utdanningsønske: blant dei med dom på over fem år er det nesten to av tre som har minst eitt utdanningsønske; blant dei med inntil tre månader dom er det knapt førti prosent som har minst eitt utdanningsønske.

Har oppvekstland noko å seia for utdanningsønske? Det får vi svar på i tabell IV.3. Lågast prosentdel med minst eitt ønske har innsette frå 'resten av Europa'. Innsette frå det som her er definert som 'resten av Norden' står fram som dei med høgast del som har ønske om utdanning, men ver merksam på at prosentueringsgrunnlaget er nokså lite (ein person er det same som tre prosent). Størst del som ønskjer seg ungdomsskule finn ein blant dei som kjem frå land utanfor Europa. Innsette frå utlandet har i litt større grad enn dei med Noreg som oppvekstland kryssa av for 'anna utdanning'. Dette kjem av at mange ønskjer seg norskkurs (eller andre språkkurs, men mest engelsk utanom norsk), og dei har presisert det her. Blant norske innsette er det "datakurs" (ikt-kurs) som som oftast blir nemnt under 'anna utdanning'.

Tabell IV.3. Prosent\* innsette med utdanningsønske etter geografisk oppvekstland.

	<b>Noreg</b> N=1848	<b>Resten av Norden</b> N=38	<b>Resten av Europa</b> N=175	<b>Resten av verda</b> N=191
Ungdomsskule	2,8	0	2,3	9,9
Vidaregåande, grunnkurs	13,3	23	7,4	17,8
Vidaregåande, VK1	11,3	8	6,3	11,5
Vidaregåande, VK2	8,8	5	7,4	8,9
Påbygging til studiekompetanse	9,8	11	10,3	4,7
Lærlingkontrakt	11,4	11	8,6	8,9
Einskildfag, univ. el. høgskule	8,3	16	8,0	9,9
Gradsutd., univ. el. høgskule	8,3	11	8,0	4,2
Anna utdanning	7,7	11	14,9	8,9
<b>Minst eitt utdanningsønske</b>	<b>54,1</b>	<b>61</b>	<b>52,0</b>	<b>57,6</b>

\* Kvar celle i tabellen er sjølvstendig; 100 prosent minus celletalet er prosentdelen som ikkje har ønsket.

Korleis skil utdanningsønska seg når det gjeld dei innsette sin alder? Vi brukar dei same alderskategoriane som tidlegare, og ser nærare på dette i tabell IV.4. Prosentdelen med utdanningsønske går naturleg nok ned med alderen, bortsett frå tilfellet 'anna utdanning'. Som nemt kunne dei innsette presisere under 'anna utdanning' kva det var snakk om.

Tendensen til å ønskja seg ikt-kurs (som 'anna utdanning') er større blant dei eldste kontra dei yngste innsette. Dette samsvarer også med spørsmål 17 i skjemaet, der dei innsette kunne gje ei vurdering av sin eigen ikt-kompetanse. Der kjem det klart fram at ein større del av dei over 44 år meiner at ikt-kompetansen deira er 'dårleg' (28 prosent mot 15 prosent av dei under 25 år) eller 'svært dårleg' (24 prosent mot 8 prosent av dei under 25 år).

Tabell IV.4. Prosent\* innsette med utdanningsønske etter alderskategori.

	<b>18 til 24 år</b>	<b>25 til 34 år</b>	<b>35 til 44 år</b>	<b>Over 44 år</b>
	<b>N=338</b>	<b>N=783</b>	<b>N=655</b>	<b>N=364</b>
Ungdomsskule	2,4	3,4	3,2	3,6
Vidaregåande, grunnkurs	23,4	15,6	9,9	5,2
Vidaregåande, VK1	23,4	12,5	6,3	4,7
Vidaregåande, VK2	16,3	10,1	6,4	2,5
Påbygging til studiekompetanse	12,7	12,1	7,6	3,6
Lærlingkontrakt	18,6	14,4	8,4	2,2
Einskildfag, univ. el. høgskule	6,8	8,6	10,8	6,9
Gradsutd., univ. el. høgskule	8,0	9,1	9,3	5,2
Anna utdanning	4,1	7,3	9,3	12,6
<b>Minst eitt utdanningsønske</b>	<b>65,4</b>	<b>61,6</b>	<b>51,0</b>	<b>35,7</b>

\* Kvar celle i tabellen er sjølvstendig; 100 prosent minus celletalet er prosentdelen som ikkje har ønsket.

Tabell IV.5. Prosent\* innsette med utdanningsønske etter kjønn.

	<b>Kvinner</b>	<b>Menn</b>
	<b>N=135</b>	<b>N=2120</b>
Ungdomsskule	4,4	3,3
Vidaregåande, grunnkurs	14,1	13,3
Vidaregåande, VK1	11,1	10,8
Vidaregåande, VK2	8,9	8,6
Påbygging til studiekompetanse	13,3	9,2
Lærlingkontrakt	8,1	11,1
Einskildfag, univ. el. høgskule	8,1	8,5
Gradsutd., univ. el. høgskule	8,1	8,0
Anna utdanning	3,7	8,7
<b>Minst eitt utdanningsønske</b>	<b>52,6</b>	<b>54,4</b>

\* Kvar celle i tabellen er sjølvstendig; 100 prosent minus celletalet er prosentdelen som ikkje har ønsket.

Det er etter måten små skilnader mellom kvinnelege og mannlege innsette når det gjeld utdanningsønske (tabell IV.5). På eit par stader område skil dei seg litt. Det gjeld påbygging til studiekompetanse, som ein litt større del av kvinnene (13,3 prosent) ønskjer seg samanlikna med mennene (9,2 prosent). Menn uttrykkjer i litt større grad enn kvinner ønske om 'lærlingkontrakt' (11,1 mot 8,1 prosent) og 'anna utdanning' (8,7 mot 3,7 prosent av kvinnene).

Tabell IV.6. Prosent\* innsette med utdanningsønske etter fengselstype.

	<b>Fengslet har ikkje skule</b>	<b>Fengslet har skule</b>
	<b>N=531</b>	<b>N=1724</b>
Ungdomsskule	1,1	4,0
Vidaregåande, grunnkurs	7,0	15,4
Vidaregåande, VK1	7,3	11,9
Vidaregåande, VK2	6,4	9,3
Påbygging til studiekompetanse	10,9	9,0
Lærlingkontrakt	8,7	11,7
Einskildfag, univ. el. høgskule	8,5	8,5
Gradsutd., univ. el. høgskule	8,9	7,8
Anna utdanning	6,4	9,0
<b>Minst eitt utdanningsønske</b>	<b>43,3</b>	<b>57,7</b>

\* Kvar celle i tabellen er sjølvstendig; 100 prosent minus celletalet er prosentdelen som ikkje har ønsket.

Skilnadene mellom dei som sit i fengsel med og utan skule når det gjeld utdanningsønske er relativt markante i dei fleste tilfella (tabell IV.6). Unntaket er 'påbygging til studiekompetanse' og 'høgare utdanning'. Dømesvis er det over dobbelt så mange innsette i fengsel med skule enn i fengsel utan skule som ønskjer seg vidaregåande grunnkurs (15,4 mot 7,0 prosent). Prosentdelen innsette i fengsel med skule som gjev uttrykk for minst eitt utdanningsønske er også større enn hos dei som sit i fengsel utan skule (57,7 mot 43,3 prosent).

## V. Rett til opplæring

Om ein har rett til vidaregåande opplæring eller ikkje er definert i opplæringslova. I innleiinga til rapporten vart det gjort greie for at denne retten også gjeld innsette, og det vart drøfta kva internasjonal kontekst retten står i. Ungdom som har fullført grunnskulen har etter søknad rett til tre års vidaregåande opplæring. Retten må normalt takast ut i løpet av ein femårsperiode, dvs innan dei fyller tjue år. I juni 2005 vart det gjort ei endring i det som blir kalla ungdomsretten til vidaregåande opplæring. Retten gjeld no til utgangen av det året ein fyller 24 år, og blir her kalla den utvida ungdomsretten. Vaksne som er fødte før 1978 og som har fullført grunnskulen, har også rett til vidaregåande opplæring. Har dei ikkje grunnskuleopplæring, har dei også rett til *det*. Det finst spesielle ordningar for elevar som dømesvis treng spesialundervisning, og som såleis kan koma til å bruka lenger tid på opplæringa.

Aldersspennet til dei innsette gjer at mangfaldet i fullført utdanning og opplæring er stort. I tillegg er 14,3 prosent av dei som var med i undersøkinga ikkje-norske statsborgarar eller dei har hatt eit anna oppvekstland enn Noreg (gjeld 15,9 prosent). For å kasta lys over rettssituasjonen når det gjeld *vidaregåande opplæring* er det først og fremst to omsyn som må takast: kva utdanning eller opplæring dei innsette har fullført og kor gamle dei er. Det er i tillegg interessant å undersøkje om dei held på med opplæring i fengslet. Etter innføringa av den utvida ungdomsretten er det fire aldersgrupper som er aktuelle; desse inndelingane er knytt til den formelle definisjonen av kven som har rett til vidaregåande opplæring: 1) Dei som er fødte før 1978 og som har retten sin definert ved § 4A-3; 2) dei som er fødte etter 1985 og som såleis er innafor det aldersspennet retten til vidaregåande opplæring primært skal takast ut (§ 3-1); 3) dei som er fødte etter 1977, men før 1982, og som har mista retten om han ikkje er tatt ut innafor den definerte aldersperioden (alternativt kan dei ha brukt opp retten sin); 4) dei som er fødte i perioden 1982 til 1985 og som kjem inn under den utvida ungdomsretten.

Utdanningsmangfaldet blant dei som er fødte før 1978 er ein god del større enn i dei yngre aldersgruppene. Dette kjem av at dei førstnemnde har det vi kan kalla ”gamle” utdanningar, som framhaldskule, realskule, gymnas og yrkesskule; andre av desse har vidaregåande opplæring eller kombinasjonar av utdanningar. Vi har i denne delen av

rapporten måtte definera tidlegare utdanningar som det som tilsvarar vidaregåande opplæring av i dag. Derfor er innsette som under spørsmål 8 i spørjeskjemaet opplyste at dei har fullført yrkesskule, fullverdig yrkesopplæring, som har fag- eller sveinebrev eller gymnas, også blitt lagt under det som ”tilsvarar vidaregåande opplæring”. (’Gymnas’ var inkludert i denne nemninga også i tabellane i kapittel III.) Det kan då vera at estimatet for prosentdelen som har fullført vidaregåande opplæring blir litt for høgt i denne gruppa. Dømesvis blir innsette med toårig yrkesskule frå før 1976 definert som ”fullført vidaregåande opplæring”. Vi har vurdert det som galt i denne samahengen å ikkje inkludera desse utdanningane som fullførde. I den tida desse utdanningane vart tatt, var dei nemleg å sjå på som fullførde.

## Vidaregåande opplæring og utdanningsbakgrunn

Tabell V.1 viser kor stor prosentdel av dei innsette (prosentuert etter kva aldersperiode dei er fødde i) som har og ikkje har rett til vidaregåande opplæring. Det er spesifisert for kva opplæring dei tek i fengslet og kva nivå denne opplæringa har i høve til det dei har gjort før. Nokon tek vidaregåande opplæring utover det nivået dei allereie har gjennomført; ein del tek det på same nivået. I det siste tilfellet er det truleg innsette som tek enkeltfag opp att. Som nemnt er retten til vidaregåande opplæring først og fremst knytt til dei som er fødde før 1978 og dei som er fødde etter 1982. Vi konstaterer at nokon av dei innsette som er fødde i åra 1978 til 1981, held på med vidaregåande opplæring i fengslet, men desse blir likevel kategoriserte som ikkje-rettshavarar til vidaregåande opplæring. I tabell V.2 viser vi korleis dette ser ut for innsette i fengsel utan skule, og i tabell V.3 estimerer vi, på grunnlag av prosentsatsane i tabell V.1, korleis dette ser ut i heile fangepopulasjonen på undersøkingstidspunktet. Utvalsundersøkinga gav totalt 2 255 svar. (Blant desse var det 115 som ikkje opplyste om fødselsåret sitt.) Ved å bruka prosentsatsane som framkjem i tabell V.1 (dvs. som er baserte på utvalet), på det som er populasjonstala for den aktuelle perioden, får ein eit råtalsuttrykk for kva som gjeld i heile populasjonen av innsette i tillegg til dei relative tala i tabell V.1.

Ettersom 115 innsette ikkje opplyste om fødselsåret, vart fordelinga i dei tre fødselsårgruppene basert på dei 2 140 innsette som gjorde det. (69,6 prosent er fødde før 1978; 14,6 prosent i åra 1978 til og med 1981; 13,1 prosent er fødde i perioden 1982-1985; 2,7 prosent etter 1985.) Denne fordelinga vart nytta til å estimera korleis den tilsvarande aldersfordelinga er i populasjonen. Framstillinga er då avgrensa til berre dei innsette som



opplyste om fødselsåret sitt. Derfor kan det vera små avvik i desimalane samanlikna med det som gjeld for alle innsette, som elles har gitt utdannings- og opplæringsopplysningar.

Tabell V.1. Prosent innsette (som svarde på undersøkinga) med og utan rett til vidaregåande opplæring (vgo) prosentuert etter fødselsperiode, og delt opp etter opplærings situasjonen i fengslet.

Fødd.. (N=100%)	Har inga utdanning*	Har ikkje rett til vidaregåande opplæring		Har rett til vidaregåande opplæring og tar ..		
		Fullført vgo*** eller tilsvarende	Ikkje fullført vgo eller tilsv.	.. vgo over nivået ein allereie har	.. vgo på same nivå ein har eller lågare	.. ikkje utdanning/opplæring i fengslet
.. før 1978 (N=1490)	6,2	55,2	-	2,6	8,4	27,5
..1978-81 (N=312)	9,3	36,2	54,5	-	-	-
..1982-85 (N=281)	8,9	23,8	-	10,3	15,3	41,6
.. etter 1985 (N=57) **	5	14	-	14	21	46
Totalt (N=2140)	7,0	47,2	7,9	3,6	8,4	25,8

\* Disse får rett til vidaregåande opplæring om grunnskuleopplæringa blir fullført. \*\* For få personar til å kunne ha desimaltal.. \*\*\* Utdanningar som tidlegare vart rekna for å vera fullførde, er inkludert her (sjå drøfting i teksten).

*Tabellane har tre hovuddelar:* I første kolonna med prosenttal finn ein kor stor del som ikkje har fullført noko form for utdanning, heller ikkje grunnskulen. Den andre delen gjev opplysningar om dei som ikkje har rett til vidaregåande opplæring. Her spesifiserer vi om dei har fullført vidaregåande opplæring eller at dei ikkje har fullført slik opplæring. Dei som er fødte i aldersgruppa '1978-1985', er todelt: Innsette som ikkje har fullført vidaregåande opplæring og er fødte før 1982 er spesifisert under dei som ikkje har rett til det. Dei andre er kategoriserte under dei som har rett til det i kraft av ungdomsretten. Den tredje delen av tabellane viser dei som har rett til vidaregåande opplæring, spesifisert etter den individuelle

opplærings situasjonen i fengslet, dvs. om dei tek vidaregåande opplæring på det nivået dei har eller over det nivået dei har, eventuelt at dei ikkje tek vidaregåande opplæring i det heile. Alle prosentane summerer seg til 100 for kvar aldersgruppe og for totalen.

Totalt sett er det 47,2 prosent av dei innsette som har fullført vidaregåande opplæring eller det som *her* er definert som tilsvarande, og som såleis ikkje har rett til det. Ei anna gruppe som enno ikkje har denne retten (i formell forstand) er dei som ikkje har fullført grunnskulen. Desse utgjer her sju prosent (av totalen) og vil kunne utløyse rett til vidaregåande opplæring når og om dei fullfører grunnskulen. Opplæringslova gir også personar eldre enn opplæringspliktig alder rett til grunnskuleopplæring (§4A-1).

Ein del innsette, fødte i perioden 1978 til 1981, og som ikkje fell inn under den utvida ungdomsretten, held på med vidaregåande opplæring i fengslet. Forklaringane kan vera fleire. Det kan vera at dei driv på med sjølvstudium. Det kan også vera at ein del fylke har ledig opplæringskapasitet, og derfor slepp til nokon som formelt sett ikkje skulle halde på med vidaregåande opplæring. Uansett så er dette ei gruppe innsette som ikkje skal reknast inn under dei som har rett til opplæring, og desse er derfor lagt til den ruta i tabellen som inneheld dei utan rett, og som ikkje har fullført vidaregåande opplæring (54,5 prosent av innsette i årsgruppa 1978-1981).

Vidare framkjem det i tabell V.1 at 27,5 prosent av innsette fødte før 1978 har rett til opplæring, men dei er ikkje i ein opplærings situasjon i fengslet. Tilsvarande prosent for dei som er fødte etter 1985 er 46 (prosentuert av 57 innsette). Med andre ord er annankvar innsett av dei yngste utan opplæring i fengslet. Totalrekka i tabell V.1 viser at 37,8 prosent av dei innsette har rett til vidaregåande opplæring (25,8 prosent har det og tar ikkje opplæring i fengsel; 8,4 prosent har det og tek vidaregåande opplæring på same nivået dei allereie har eller lågare; 3,6 prosent har det og tek vidaregåande opplæring i fengslet over det nivået dei allereie har). Inkluderer vi også dei som ikkje har grunnskule (sju prosent), er det altså 44,8 prosent av dei innsette som har eller kan få rett til vidaregåande opplæring. For å gjera dette volumet synleg i totalpopulasjonen på 3 289 innsette i den aktuelle perioden undersøkinga vart gjort, har vi altså estimert tala i tabell V.3. Det viktigaste estimatet her er at det er 1 245 personar i fengsel som har rett til vidaregåande opplæring og 230 som kan få det om dei fullfører grunnskulen.

Avgrensar vi dette til berre dei innsette som sit i fengsel utan skule, blir resultatet som vist i tabell V.2. Her er det 59,5 prosent av dei innsette som har fullført vidaregåande eller tilsvarande, og som såleis ikkje har rett til vidaregåande opplæring. Blant denne delen av dei

innsette er det 2,6 prosent som ikkje har fullført noko form for utdanning.

(Prosentueringsbasisen for dei som er fødte etter 1985 er *svært* liten i dette tilfellet.)

I tabell V.2 framkjem det også at 30,6 prosent av dei innsette har rett til vidaregåande opplæring (26,8 prosent har det og tar ikkje opplæring i fengslet; 3,8 prosent har det og tar vidaregåande opplæring i fengslet). I tillegg kan vi så inkludera dei 2,6 prosentane som ikkje har noko form for utdanning og som vil få rett til vidaregåande opplæring om dei tek grunnskulen.

Tabell V.2. Prosent innsette i fengsel *utan skule* (som svarde på undersøkinga) med og utan rett til vidaregåande opplæring (vgo) prosentuert etter fødselsperiode, og delt opp etter opplæringssituasjonen i fengslet.

Fødd.. (N=100%)	Har inga utdanning*	Har ikkje rett til vidaregåande opplæring		Har rett til vidaregåande opplæring og tar..		
		Fullført vgo*** eller tilsvarende	Ikkje fullført vgo eller tilsv.	.. vgo over nivået ein allereie har	.. vgo på same nivå ein har eller lågare	.. ikkje utdanning/opplæring i fengslet
.. før 1978 (N=351)	2,8	66,1	-	0,6	2,3	28,2
..1978-81 (N=71) **	6	41	54	-	-	-
..1982-85 (N=71) **	1	51	-	0	6	42
.. etter 1985 (N=15) **	0	27	-	20	7	47
Totalt (N=508)	2,6	59,5	7,5	1,0	2,8	26,8

\* Disse får rett til vidaregåande opplæring om grunnskuleopplæringa blir fullført. \*\* For få personar til å kunne ha desimaltal. \*\*\* Utdanningar som tidlegare vart rekna for å vera fullførde, er inkludert her (sjå drøfting i teksten).

Som nemnt opnar endringa i opplæringslova i juni 2005 for at den såkalla ungdomsretten kan takast ut innan ein fyller 24 år. I år 2006 er dette aktuelt for innsette som er fødte i åra 1982 til 1985. Dei som er fødte seinare kan også komma til å få nytte av denne retten, men dei er no i ein alder då retten primært skal takast ut. Estimater i tabell V.3 viser at 291 innsette

(45+66+180) fell (i februar 2006) inn under den utvida ungdomsretten; 71 innsette (13+18+40) er i den alderen då retten til vidaregåande opplæring primært skal takast ut. Blant dei som er fødte etter 1981 er det på grunnlag av undersøkinga (tabell V.1) estimert at det finst 43 innsette som ikkje har noko form for fullført utdanning.

Tabell V.3. Estimerte absoluttal for heile populasjonen innsette på det aktuelle tidspunktet, basert på prosentatsane i utvalet (sjå tabell 1). (Vgo=vidaregåande opplæring.)

Fødd..	Har inga utdanning	Har ikkje rett til vidaregåande opplæring		Har rett til vidaregåande opplæring og tar..		
		Fullført vgo eller til-svarande	Ikkje fullført vgo eller tilsv.	.. vgo over nivået ein allereie har	.. vgo på same nivå ein har eller lågare	.. ikkje utdanning/opp-læring i fengslet
.. før 1978 (N=2290)	142	1265	-	60	193	630
.. 1978-81 (N=479)	45	174	260	-	-	-
.. 1982-85 (N=432)	38	103	0	45	66	180
.. etter 1985 (N=88)	5	12	-	13	18	40
Totalt (N=3289)	230	1554	260	118	277	850

## Rettsstatus og utdanningsønske

Korleis ser utdanningsønska til dei innsette ut når vi kategoriserer dei etter kven som har rett til opplæring? Er det skilnad i opplæringsønska til dei som har rett til det, dei som ikkje har rett og dei som ikkje har fullført grunnskulen? Tabell V.4 viser dette. Det spesielle er at ein så pass stor del av dei som ikkje har rett til vidaregåande opplæring, og som ikkje har fullført det, har ønske om nettopp vidaregåande opplæring (22,4 prosent, 24,1 prosent, 13,5 prosent). Ein stor del av desse ønskjer også påbygging til studiekompetanse (13,5 prosent) eller dei vil ha lærlingkontrakt (19,4 prosent). Rett nok utgjør ikkje desse innsette eit så veldig stort volum

(170 innsette i undersøkinga, estimert til å utgjera 261 innsette i totalpopulasjonen).

Prosentdelen som gjev uttrykk for minst eitt utdanningsønske er i denne gruppa 67,6 prosent. Vidare framkjem det i tabell V.4 at dei som har fullført vidaregåande opplæring eller tilsvarande, og som såleis ikkje har rett til det, har den største delen som ønskjer seg utdanning på universitets- og høgskulenivå (mellom kvar tiande og kvar åttande). Ein av fem som ikkje har fullført grunnskulen ønskjer seg ungdomsskule; 22,8 prosent ønskjer seg vidaregåande opplæring grunnkurs. Denne prosentdelen er omtrent like stor som blant dei som ikkje har rett til det, og som ikkje har fullført vidaregåande opplæring.

Tabell V.4. Prosent\* innsette med utdanningsønske etter utdanningsbakgrunn, rettsstatus til vidaregåande opplæring (vgo) og opplæringsstusjon i fengslet.

Type utdanningsønske	Har inga utd	Har rett og tar vgo i fengslet		Har rett og tar ikkje vgo i fengslet		Har ikkje rett til vgo	
		Fødd før 78	Fødd etter 81 ***	Fødd før 78	Fødd etter 81	Fullført vgo	Ikkje fullført vgo**
Ungdomsskule	19,5	4,9	1	3,9	0,7	1,1	1,8
Vidaregåande, grunnkurs	22,8	12,8	24	15,8	27,3	6,5	22,4
Vidaregåande, VK1	13,4	14,6	21	7,8	33,6	5,0	24,1
Vidaregåande, VK2	6,0	7,9	27	7,1	20,3	6,9	13,5
Påbygging studiekompetanse	3,4	11,0	11	6,3	14,7	9,7	13,5
Lærlingkontrakt	8,7	9,1	24	9,0	19,6	9,0	19,4
Einskildfag, univ. el. høgskule	4,7	5,5	4	3,4	7,0	12,7	8,2
Gradsutd., univ. el. høgskule	3,4	7,9	7	1,5	4,2	13,4	4,1
Anna utdanning	8,1	7,9	3	7,1	2,8	10,5	6,5
Minst eitt utdanningsønske	60,4	58,5	69	43,3	65,7	52,5	67,6
N	149	164	92	411	143	1011	170

\* Kvar celle i tabellen er sjølvstendig; 100 prosent minus celletalet er prosentdelen som ikkje har ønsket.

\*\* Gjeld berre innsette som er fødte i perioden 1978 – 1981. \*\*\* For få personar til å kunne ha desimaltal.

## VI. Lærevanskar

2004-undersøkinga (Eikeland og Manger, 2004) viste at ein større del av dei yngste innsette rapporterte å ha lese- eller skrivevanskar, eller rekne- eller matematikkvanskar, samanlikna med eldre innsette. Det var også skilnad mellom menn og kvinner i fengsla. Tre gonger så mange menn som kvinner sa at dei hadde lese- eller skrivevanskar. Dei innsette fekk same spørsmåla denne gongen, og gjer det såleis mogeleg å samanlikna med kva som var tilfelle for to år sidan (spørsmåla 18 og 19).

### Lese- eller skrivevanskar

Litt færre enn to av tre innsette (62,8 prosent) rapporterer at dei *ikkje* har lese- eller skrivevanskar. Dette er ein litt mindre prosentdel enn i 2004 (68,9 prosent). I tabell VI.1 ser ein korleis vanskane fordeler seg etter kva som er oppvekstlandet til dei innsette. Ein del innsette har ein språkbakgrunn som skil seg langt frå norsk. Desse kan ha rapportert generelle vanskar med norsk språk som lese- eller skrivevanskar. Vi kan derfor få ei overrapportering av lese- eller skrivevanskar i denne gruppa. Ei slik overrapportering hadde vi truleg også i 2004. Særleg legg vi merkje til at over førti prosent av innsette frå 'resten av verda' no rapporterer at dei har 'litt' vanskar.

Tabell VI.1. Prosent innsette med lese- eller skrivevanskar etter geografisk oppvekstland (N=100%).

	<b>Noreg</b>	<b>Resten av Norden</b>	<b>Resten av Europa</b>	<b>Resten av verda</b>	<b>Totalt</b>
<b>Grad av vanskar</b>	<b>N=1778</b>	<b>N=36</b>	<b>N=162</b>	<b>N=177</b>	<b>N=2153</b>
<b>Ingen</b>	64,0	41,7	72,2	46,9	62,8
<b>Litt</b>	26,3	36,1	17,3	42,9	27,2
<b>Mykje</b>	9,7	22,2	10,5	10,2	10,0

I 2004 avdekte vi som nemnt at lese- eller skrivevanskar var mest å finna blant dei yngste. Denne samanhengem er ikkje like klar i dette materialet. Rett nok er prosentdelen med 'mykje' lese- eller skrivevanskar minst blant dei eldste (6,2 prosent), men det er gruppa 25 til 34 år

som har den største delen med slike vanskar denne gongen (12,2 prosent). Dei to andre gruppene er nokså like.

Tabell VI.2. Prosent innsette med lese- eller skrivevanskar etter alderskategori (N=100%).

Grad av vanskar	18 til 24 år	25 til 34 år	35 til 44 år	Over 44 år
	N=333	N=756	N=618	N=340
<b>Ingen</b>	58,9	59,5	63,9	76,2
<b>Litt</b>	31,2	28,3	27,5	17,6
<b>Mykje</b>	9,9	12,2	8,6	6,2

Gamma = -0,16.

Det var liten skilnad mellom innsette i fengsel med og utan skule i 2004. Denne gongen finn vi større skilnader mellom dei innsette etter denne inndelinga (tabell VI.3). Over førti prosent av innsette i fengsel med skule rapporterer 'litt' eller 'mykje' vanskar; tilsvarande del blant innsette i fengsel som ikkje har skule er ein av fire.

Tabell VI.3. Prosent innsette med lese- eller skrivevanskar etter fengselstype (N=100%).

Grad av vanskar	Fengslet har ikkje skule	Fengslet har skule
	N=513	N=1642
<b>Ingen</b>	73,9	59,3
<b>Litt</b>	19,7	29,6
<b>Mykje</b>	6,4	11,1

Menn og kvinner i fengsel er litt ulike når det gjeld lese- eller skrivevanskar, men skilnadene er mindre enn i 2004 (dette er ikkje rapportert i eigen tabell). Kvar tiande mannleg (10,2 prosent) innsett seier at han har 'mykje' lese- eller skrivevanskar; tilsvarande tal for kvinner er 6,3 prosent. Dette siste er omtrent som i 2004. Denne gongen er det ein større del kvinner som rapporterer at dei har 'litt' vanskar (20,6 prosent) enn kva som var tilfelle i 2004 (8,7 prosent). I overkant av kvar fjerde mannleg innsett (27,6 prosent) seier at dei har 'litt' lese- eller skrivevanskar.

## Rekne- eller matematikkvanskar

Litt over halvparten av dei innsette seier at dei ikkje har rekne- eller matematikkvanskar; ein av tre har 'litt'; ein av åtte har 'mykje' (tabell VI.4). Det er såleis ein større del som melder om slike vanskar denne gongen enn ved førre undersøking, då 61,7 prosent sa at dei ikkje

hadde slike vanskar. Som vi ser er det innsette frå 'resten av Europa' som i minst grad rapporterer rekne- eller matematikkvanskar. Innsette frå Norden har det i størst grad (omlag kvar åttande).

Tabell VI.4. Prosent innsette med rekne- eller matematikkvanskar etter geografisk oppvekstland (N=100%).

	<b>Noreg</b>	<b>Resten av Norden</b>	<b>Resten av Europa</b>	<b>Resten av verda</b>	<b>Totalt</b>
<b>Grad av vanskar</b>	<b>N=1777</b>	<b>N=37</b>	<b>N=160</b>	<b>N=174</b>	<b>N=2148</b>
<b>Ingen</b>	51,6	51,4	65,6	44,3	52,0
<b>Litt</b>	35,6	35,1	25,0	46,0	35,7
<b>Mykje</b>	12,8	13,5	9,4	9,8	12,3

Dess yngre dei innsette er, dess større del seier at dei har vanskar med rekning eller matematikk. Slik tabell VI.5 viser dette, er samanhengen nokså lineær, sjølv om skilnadene ikkje er så veldig store. Kvar sjette av dei yngste har slike vanskar (15,3 prosent); knapt kvar tiande av dei eldste (9,1 prosent).

Tabell VI.5. Prosent innsette med rekne- eller matematikkvanskar etter alderskategori (N=100%).

<b>Grad av vanskar</b>	<b>18 til 24 år</b>	<b>25 til 34 år</b>	<b>35 til 44 år</b>	<b>Over 44 år</b>
	<b>N=333</b>	<b>N=753</b>	<b>N=616</b>	<b>N=342</b>
<b>Ingen</b>	42,6	49,4	56,0	62,9
<b>Litt</b>	42,0	37,2	33,6	28,1
<b>Mykje</b>	15,3	13,4	10,4	9,1

Gamma = -0,17.

Kvinner og menn i fengsel er like når det gjeld rekne- eller matematikkvanskar, noko som er likt det vi fann i 2004. Det er derimot ein lågare del innsette i fengsel *med* skule som rapporterer om 'ingen' rekne- eller matematikkvanskar i 2006, samanlikna med 2004 (48,6 mot 60,0 prosent). Fordelinga av slike vanskar blant innsette i fengsel *utan* skule er omtrent den same som i 2004 (tabell VI.6).



Tabell VI.6. Prosent innsette med rekne- eller matematikkvanskar etter fengselstype (N=100%).

Grad av vanskar	Fengslet har ikkje skule	Fengslet har skule
	N=511	N=1639
Ingen	63,0	48,6
Litt	29,7	37,6
Mykje	7,2	13,8

Det er ein relativ sterk statistisk samanheng mellom det å ha lese- eller skrivevanskar og rekne- eller matematikkvanskar (gammakoeffisienten for "tre gonger tre"-tabellen er 0,65). Samanhengen er rett nok litt svakare enn kva som var tilfelle i 2004 (gamma var 0,73), men som ein ser av tabell VI.7 er det over førti prosent (42,7 prosent) som melder om 'ingen' problem på noko av områda; ein av sju (14,6 prosent) seier at dei har 'litt' av begge og 4,2 prosent seier at dei har 'mykje' av begge vanskanane.

Tabell VI.7. Prosent innsette med ulike grad og kombinasjonar av lese- eller skrivevanskar og rekne- eller matematikkvanskar.

Lese- eller skrivevanskar	Rekne- eller matematikkvanskar			
	Ingen	Litt	Mykje	Totalt
Ingen	42,7	16,8	3,6	63,1
Litt	7,9	14,6	4,4	27,0
Mykje	1,4	4,3	4,2	10,0
<b>Totalt</b>	52,1	35,7	12,2	<b>N=2134=100%</b>

Gamma = 0,65.

## Lærevanskar og rettssituasjonen

Vi har no sett korleis lese- eller skrivevanskar og rekne- eller matematikkvanskar samvarierer med alder, geografisk opphav, kjønn og fengselstype. Denne rapporten vektlegg innsette sin rettssituasjon i høve til vidaregåande opplæring. Det er derfor interessant å sjå om vanskar med lesing eller skriving og rekning eller matematikk heng systematisk saman med kva som dei innsette sin rettssituasjonen andsynes vidaregåande opplæring. I tabell VI.8 viser vi dei innsette si sjølvrapportering av lese- eller skrivevanskar etter denne inndelinga.

Her går det fram nokså klart at dess meir vellukka utdanningssituasjonen til den innsette er, dess mindre vanskar har dei med å lesa eller skriva. Berre kvar tjuande (5,4

prosent) innsett som har fullført vidaregåande opplæring (og som såleis ikkje har rett til det) rapporterer å ha 'mykje' lese- eller skrivevanskar; meir enn kvar femte (22,5 prosent) av dei som ikkje har noko form for utdanning rapporterer å ha slike vanskar. Mellom desse ytterpunkta er det ein klar samanheng mellom vanskar og det å ta opplæring. Dei som ikkje har rett til vidaregåande opplæring fordi retten er brukt opp, har like mykje vanskar med lesing eller skriving som dei som har rett, men som ikkje tek slik opplæring i fengslet. Dei som har rett til vidaregåande opplæring og som tek det i fengslet, skil seg ikkje ut når det gjeld slike vanskar (9,2 prosent seier at dei har 'mykje' vanskar, noko som er likt totalen).

Tabell VI.8. Prosent innsette med lese- eller skrivevanskar etter rettsstatus i forhold til vidaregåande opplæring (vgo) (N=100%).

Grad av vanskar	Har inga utdanning N=129	Har ikkje rett		Har rett		Totalt N=2047
		Brukt opp N=168	Fullført vgo N=980	Tar vgo i fengslet N=249	Inga vgo i fengslet N=521	
		Ingen	35,7	57,1	73,8	
Litt	41,9	28,0	20,8	31,7	31,5	26,8
Mykje	22,5	14,9	5,4	9,2	13,2	9,7

Nesten same mønsteret som gjeld lese- eller skrivevanskar og rettssituasjonen til vidaregåande opplæring, gjer seg gjeldande når det gjeld sjølvrapporterte vanskar med rekning eller matematikk (sjå tabell VI.9).

Tabell VI.9. Prosent innsette med rekne- og matematikkvanskar etter rettsstatus i forhold til vidaregåande opplæring (vgo) (N=100%).

Grad av vanskar	Har inga utdanning N=130	Har ikkje rett		Har rett		Totalt N=2044
		Brukt opp N=169	Fullført vgo N=976	Tar vgo i fengslet N=247	Inga vgo i fengslet N=522	
		Ingen	24,6	40,2	67,9	
Litt	46,9	46,2	25,4	45,3	42,9	35,4
Mykje	28,5	13,6	6,7	13,0	17,2	12,1

Innsette utan noko form for utdanning har den største delen med slike vanskar (28,5 prosent seier dei har 'mykje'). Blant dei som ikkje lenger har rett til vidaregåande opplæring fordi dei har fullført, er det 6,7 prosent som rapporterer 'mykje' av desse vanskane.

## VII. Oppsummering og drøfting

Lovgrunnlaget for opplæringa innan kriminalomsorga er klart og eintydig når det gjeld grunnskule og vidaregåande opplæring. Både i opplæringslova og straffegjennomføringslova blir det fastslått at innsette har same rettar til utdanning som innbyggjarane elles. Utdanning på høgskule- og universitetsnivå for straffedømde er ikkje omfatta av desse lovene.

I tråd med oppdraget vi fekk, og fordi over halvdelen av elevplassane i fengsel er innanfor vidaregåande opplæring, handlar hovuddelar av denne rapporten om rett til vidaregåande opplæring. Det er likevel viktig å understreka at innsette som ikkje har fullført grunnskule har ein klar rett til å få slik skulegang, både utifrå lova og fordi retten til grunnleggjande skulegang er eitt av kjenneteikna på eit humant samfunn. Når det gjeld høgare utdanning, har korkje innsette eller folk elles formell rett til slik utdanning. Det er likevel viktig i eit demokrati å unngå at grupper av innbyggjarane blir utestengte frå høgare utdanning. Både kartlegginga i 2004 (Eikeland og Manger, 2004) og denne kartlegginga viser at mange innsette i norske fengsel har høgare utdanning eller ønskjer å ta slik utdanning. Det krev at både kriminalomsorga og universitets- og høgskulesektoren legg til rette for høgare utdanningstilbod for innsette i fengsel, slik det også blir understreka i Innst. S. nr. 196 (2004-2005).

Svarprosenten i denne undersøkinga er 71,1. Ein slik svarprosent gjev eit godt grunnlag for å kunne seia noko om utdanningsnivå, utdanningsønske og rettsituasjonen til dei innsette når det gjeld vidaregåande opplæring. Hovudessensen i opplæringslova er at retten blir definert av kor gammal ein er, deretter av om ein gjer seg ferdig innan ei viss tid etter at ein har starta på opplæringa. Ein del andre individuelle tilpassingar som er knytt til dette, blir ikkje tatt omsyn til her.

### Rett til vidaregåande opplæring

På det tidspunktet vi gjorde undersøkinga estimerte vi at 850 innsette har rett til opplæring i fengsel, men dei nytta, eller fekk ikkje nytte seg ikkje av denne retten. Størsteparten (69,6 prosent) av dei innsette er fødte før 1978. Desse kjem inn under paragraf § 4A-3 i opplæringslova. I tabell V.1 såg vi at 27,5 prosent av desse eldste innsette har rett til vidaregåande opplæring, men dei held ikkje på med slik opplæring medan dei er i fengsel. Elleve prosent av denne gruppa innsette har rett til vidaregåande opplæring og held på med

det medan dei er i fengsel. Blant dei yngste innsette (fødd etter 1981 og kjem inn under § 3-1 i opplæringslova, der også den utvida retten er spesifisert) er det 42,3 prosent som har rett til vidaregåande opplæring, men som ikkje tek slik opplæring i fengslet; 27,3 prosent av desse har rett til det og held på med det i fengslet.

Dei som er fødte før 1978 utgjør såleis den største delen av dei som har rett til vidaregåande opplæring. Av alle med fullført grunnskule som har rett, er det 70,9 prosent som er fødte før 1978. I tillegg kjem dei som vil få rett til vidaregåande opplæring om dei fullfører grunnskulen. Kring sju prosent av dei innsette har ikkje det enno.

## Utdanningsnivået

Utdanningsnivået til dei innsette heng etter kva som gjeld for folket elles i Noreg (tabell II.2). I 2004 hadde, i følgje Statistisk sentralbyrå, 56,5 prosent av alle over 16 år i Noreg vidaregåande opplæring som høgaste fullførde utdanning. Tilsvarande tal for dei innsette var ved førre undersøking 43,4 prosent (Eikeland og Manger, 2004), og i 2006 er talet 48,1 prosent. Med andre ord endrar både fangepopulasjonen og heile folket seg, og avstanden mellom dei innsette og heile folket har minka litt. Dei innsette i 2004 hadde eit utdanningsnivå som tilsvarte det som gjaldt i 1980 for heile folket. Denne undersøking viser at dei innsette er litt betre stilte samanlikna med folk elles.

Som tabell III.4 viser heng alder og utdanningsnivå saman. Vi ser der at dei yngste (under 25 år) har den største delen som har fullført vidaregåande opplæring grunnkurs og VK1 (22,5 og 27,5 prosent), men dei har langt frå den høgaste delen som har fullført vidaregåande opplæring (16,3 prosent mot over tretti prosent for dei andre aldersgruppene, så tabell III.4). Forklaringa på dette ligg truleg både i livssituasjonen dei innsette er i, og ikkje minst det som har ført dei dit. Mange har brote av opplæringsløpet sitt, og både det og situasjonen i fengslet krev av dei treng lenger tid på å få fullført opplæringa.

Utdanningsnivået til dei innsette heng også saman med kva som er deira geografiske opphav. Nesten kvar sjette innsett har eit anna land enn Noreg som oppvekstland. Tabell III.3 viser store skilnader mellom dei innsette i så måte. Berre fire av fem innsette frå land utanom Europa har fullført grunnskule eller tilsvarande. På den andre sida er prosentdelen med høgare utdanning i denne gruppa innsette etter måten høg, elleve prosent.

Kvinnelege og mannlege innsette har ein nokså lik utdanningsbakgrunn. Den største skilnaden er at ein nesten dobbel så stor del menn har fullført yrkesopplæring. Kvinner har i

litt større grad enn menn høgare utdanning (tabell III.5). Dette er nokså likt kva vi fann i 2004.

Utfrå forskingsbasert kunnskap om at kriminelle åtferd hos kvinner vanlegvis utviklar seg seinare enn hos menn (t.d. Moffitt m.fl., 2002; Talbott og Thiede, 1999), kunne ein venta større kjønnskilnader. Den seine starten hos kvinner kunne vera årsaka til at dei hadde fått med seg meir utdanning før dei vart straffedømde. På den andre sida sluttar fleire kvinner enn menn med kriminalitet (t.d. Wernes og Smith, 1992), men dei som ikkje sluttar har oftare enn menn i fengsel omfattande åtferdsmessige, psykiske og emosjonelle problem (t.d. McCab m.fl., 2002). Det kan altså vera slik at dei minst vanskelegstilte kvinnene kjem seg bort frå lovbrøt og fengsel, medan dei absolutt verst stilte ikkje klarer å slutta.

Trass i folk flest sine førestellingar om innsette (eller fangar), viser altså gruppa som sonar stor variasjon i læreevne og utdanningshistorie. Denne variasjonen i utdanningsbakgrunn er i tråd med den forskingsbaserte kunnskapen om dei to ”stiane” til utvikling av antisosial åtferd og kriminalitet. Her skil ein mellom ”tidlegstartarar” (start i barndom), som held fram med kriminalitet gjennom ungdom og vaksen alder, og ”seinstartarar”, som først startar med antisosial åtferd og lovbrøt i ungdomsåra (t.d. Moffitt m.fl., 2002; Patterson, Forgatch, Yoerger og Stolmiller, 1998). I den sistnemnde gruppa sluttar dei fleste etter kvart med kriminalitet, men dei siste tiåra har ein også sett at ein aukande del ”seinstartarar” i vestlege land blir dømde for brotsverk. Blant dei som startar allereie i barneåra finn ein svært mange som i utdanningssamanheng gjerne er dei tradisjonelle ikkje-deltakarane, medan det blant dei som startar seint er fleire med gjennomført skule- og utdanning på etter måten høgt nivå (Costelloe, 2003; Forster, 1990). Det vil altså vera slik, med tanke på framtidig utdanning, at innsette i fengsel har svært ulike behov.

## Utdanningsønske

Prosentdelen med minst *eitt* utdanningsønske er ein del lågare enn kva som var tilfelle i 2004-undersøkinga. Av alle var det då 65,5 prosent som gav uttrykk for det; denne gongen er prosenten 54,3. Det er etter måten stor skilnad på dei innsette sine utdanningsønske kontrollert for fengslingsgrunnlag (tabell IV.1) og kor lang dom dei har (IV.2). Varetektsinnsette har den klart største delen som gir uttrykk for minst *eitt* utdanningsønske (64,5 prosent), men blant dei som har fått endeleg dom er det like klart at dess lenger dom ein har, dess større del ønskjer seg utdanning.

Nesten kvar tiande innsett frå land utanom Europa ønskjer seg grunnskuleopplæring (tabell IV.3). Innsette utanfrå Noreg etterlyser 'anna utdanning'. I hovudsak er det då snakk om språkkurs, anten norsk eller engelsk. Utover det er det ikt-kurs som ofte blir presisert under 'anna utdanningsønske'.

Utdanningsønska er også aldersavhengige (tabell IV.4). Dei eldste innsette etterlyser i større grad enn yngre 'anna utdanning'. Her er det igjen ønske om ikt-kurs blant dei eldste som gjer skilnaden (dei innsette kunne spesifisere 'anna utdanning' i ein open kategori). Dess yngre dei innsette er dess større er prosentdelen som etterlyser vidaregåande opplæring. Prosentdelen med minst eitt utdanningsønske er 65,4 blant dei under 25 år; han er 35,7 prosent blant dei over 44 år. Det er berre små skilnader mellom kvinner og menn når det gjeld utdanningsønske (tabell IV.5). Jamt over er slik at prosentdelen som etterlyser utdanning på universitets- og høgskulenivå er noko mindre i 2006 (kvar tolvte innsett), samanlikna med dei innsette som var med i undersøkinga i 2004 (kvar åttande innsett).

Samla sett viser undersøkinga at ein stor del av dei innsette ønskjer å ta meir utdanning. For utanforståande som ikkje er kjent med innsette sine ønske, kan dette verka overraskande. Eit fleirtal av dei innsette har truleg negative røynsler med skule og utdanning. Kvifor ønskjer dei då å ta meir av det ein trur dei mislikar? Costelloe (2003) skriv at innsette som tidleg har falle ut or det ordinære skule- og utdanningstilbodet i utgangspunktet vil visa motstand mot det som smakar av undervisning og læring. Paradoksalt nok er det likevel slik, finn ho i Irland, at tida i fengsel gir dei høve til å revurdere slik motstand. Etter å ha opplevd nytte ved opplæring i fengsel, utviklar gjerne desse innsette interesser dei ikkje hadde før, og dermed også meir motivasjon for vidare utdanning.

## Lærevanskar

Prosentdelen som sjølvrapporterer om lese- eller skrivevanskar i 2006 (tabell VI.1) er noko større enn i førre rapporteringa (Eikeland og Manger, 2004). I 2004 var det nokså klart størst prosentdel blant dei yngste som rapporterte om slike vanskar. Denne gongen er det i aldersgruppa 25 til 34 år vi finn den største delen med slik vanskar. Begge undersøkingane viser at dei eldste innsette rapporterer minst slike vanskar. Ei nærliggjande forklaring på dette er truleg at dei yngste både i nær fortid og i notid har kjent problema klarare på kroppen. Skilnaden mellom kvinner og menn i 2006 er også mindre enn i førre undersøkinga.

Prosentdelen som rapporterer at dei har rekne- eller matematikkvanskar er også litt større i 2006 (tabell VI.4) enn i 2004. I begge undersøkingane er det dei yngste som har den

største delen med slike vanskar. Når det gjeld kombinasjonen av dei to lærevanskane, var det i 2004 litt over halvparten (53,1 prosent) som rapporterte at dei *ikkje* hadde nokon av vanskane. I 2006-undersøkinga er det 42,7 prosent som *ikkje* har nokon av dei.

Lærevanskar heng også saman med den innsette sin rettssituasjon i høve vidaregåande opplæring. Dei som har gjennomført vidaregåande opplæring har minst vanskar (tabellane VI.8 og VI.9). Vidare er det slik at innsette som ikkje har fullført noko som helst utdanning, innsette som har brukt opp retten sin, og innsette som har rett, men som ikkje tek opplæring i fengslet, har den største delen med desse vanskane. Når ein skal forstå kvifor dei innsette ikkje nyttar den retten dei har, er lærevanskar ei viktig forklaring.

Lese- og skrivedugleik er viktig i fengsel av fleire grunnar: Innsette må ofte fylla ut skjema og svara på skriv; brev kan vera avgjerande for kontakten med verda utanfor murane; somme arbeidsplassar i fengslet krev at ein kan lesa og skriva; fengselsundervisninga krev lese- og skrivedugleik og lesing er også ein måte å få tida til å gå på. Etter at dommen er ferdig sona er særleg dugleik i lesing og skriving avgjerande for å få arbeid eller kunna halda fram med utdanning. Mangel på slik dugleik vil difor vera til hinder for personleg utvikling og deltaking i samfunnet. Manger m.fl. (under trykking) finn at lese- og skrivedugleik både er med og forklarar kvifor innsette tidlegare ikkje har avslutta vidaregåande opplæring og kvifor dei etter at dei kom i fengsel ønskjer å ta til med slik opplæring. Slik sett støttar dette opp under det Costelloe (2003) fann, nemleg at soning for mange gir høve til å revurdere tidlegare skuletap og starta på ny, eller halda fram med det som vart avbrote.

## Praktiske følgjer av funna

Det blir i dag gitt tilbod om formell opplæring i 34 av 47 norske fengsel. Utdanningsnivået hos innsette i fengsel utan skule er høgare enn hos dei i fengsel med skule. Ein skal likevel merka seg at 40 prosent av innsette i fengsel utan skule ikkje har fullført vidaregåande opplæring. Likeeins bør det peikast på at 43 prosent av innsette i fengsel utan skule har minst eitt utdanningsønske. Ein tredel av dei som sonar i desse fengsla har rett til vidaregåande opplæring, men får ikkje høve til å byrja på opplæringa. Desse funna illustrerer klart at det er behov for å etablera tilbod om opplæring i alle norske fengsel.

Talet på elevplassar i grunnskulen i fengsel har blitt redusert jamt dei seinare åra. Dette er ein følge av at fleire som i dag sonar har gjennomført grunnskulen. Det er likevel viktig å ha klart for seg at dei sju-åtte prosent innsette som ikkje har fullført noko skule eller

utdanning har ein klar juridisk og demokratisk rett til å få utdanning. Difor må norske fengsel også ha eit godt opplæringstilbod på grunnskulenivå.

Er innhaldet i opplæringa som vert gitt tilbod om i fengsel det rette? Over halvdelan av elevplassane i fengsel er innanfor vidaregåande opplæring (medrekna plassar ved kortvarige kurs, som vanlegvis ikkje er kompetansegivande), og mest to tredelar av desse plassane er innan allmenne, økonomiske og administrative fag. Dette siste er tilfelle trass i at to tredelar av dei innsette som har ønske om å ta meir utdanning ønskjer yrkesfagleg studieretning i vidaregåande opplæring, og trass i at yrkesfagleg opplæring truleg vil gi betre høve til arbeid etter avslutta soning. Konsekvensane er klare: Opplæringstilbodet i fengsel må bli meir variert og alle fengsel må gi tilbod om vidaregåande opplæring. Innanfor vidaregåande opplæring må særleg den yrkesretta opplæringa byggjast ut. Her vil samarbeidet med Aetat vera viktig, for å kunne tilby ei utdanning som er verdfull på arbeidsmarknaden.

Når såpass mange innsette ikkje nyttar retten dei har til opplæring, kan dette hengja saman med fleire forhold. Ein del av desse forholda vil vi kasta lys over i ein seinare rapport. Eit par forhold er likevel nærliggjande å peika på allereie no: Mange har vanskar med å meistra elementære reiskapsfag som lesing, skrivning og rekning. Dette må dei få hjelp med. I tillegg har mange innsette dommar som er for korte (sjå tabell IV.2) til å kunne fullføra utdanning. Skuleavdelinga i fengslet må difor i samarbeid med utdanningsinstitusjonar og hjelpeapparat utanfor fengslet gi innsette råd og støtte i planlegging av heilskaplege utdanningsløp. Dette er viktig både med tanke på å fullføra pågåande utdanning, til dømes vidaregåande opplæring, og vidareutdanning på høgare nivå enn det ein allereie har.

Det at ein aukande del av dei innsette har studiekompetanse krev at det vert lagt til rette for å ta universitets- og høgskulefag under soning. I den nordiske kartlegginga av fengselsundervisninga (Nordisk ministerråd, 2003) er det i dei fellesnordiske tilrådingar lagt vekt på at tilgangen til høgare utdanning må betrast. Det blir gjort framlegg om å både betra tilgangen til studium under permisjon og til sjølvstudium med rettleiing i fengsel. I rapporten vert det også peika på at gode og tryggingstilpassa internettløyisingar kan innebera at fleire vil få tilgang til eit breitt tilbod av universitets- og høgskuleutdanning. Ny teknologi er naudsynt som reiskap for å nå ulike utdanningstilbod utanfor fengslet, heiter det.

Studiekompetansen hos innsette tilseier også at utdanningsinstitusjonane må bli meir merksame på innsette sine behov. I Innst. S. nr. 196 (2004-2005) heiter det at fleirtalet i komiteen er kjent med at mange skular i fengsla har gitt tilbakemelding om at innføring av kvalitetsreforma for høgare utdanning har gjort det vanskelegare for innsette å ta universitets- og høgskuleutdanning. Kvalitetsreforma er ei omfattande reform av høgare utdanning i Noreg.



Reforma inneber mellom anna ein ny gradstruktur (bachelor- og mastergrad), tettare oppfølging av studentane, nye eksamens- og evalueringsformer og auka internasjonalisering (mellom anna studentmobilitet over landegrensene). Det er viktig at krava til frammøte og oppfølging av studentane ikkje blir eit hinder for innsette som vil studera og gå opp til eksamen, men at det blir arbeidd med å laga særskilde studieløysingar for desse studentane. Kartlegginga av utdanningsbakgrunn og utdanningsbehov hos innsette, både i 2004 og 2006, ber klart bod om at både fengsel og utdanningsinstitusjonar må tilpassa seg det forholdet at mange med universitets- og høgskulebakgrunn og studiekompetanse sonar.

Lovverket skal sikra at alle grupper i samfunnet får rett til utdanning. Innsette i fengsel utgjer ei mangfaldig gruppe, og denne variasjonen skal det takast omsyn til når utdanningstilbod skal organiserast. Det er urovekkjande at dei aller yngste i fengsel har mangelfull grunnskuleopplæring og mangelfull vidaregåande opplæring. Dette er eit paradoks, i og med at utdanningstilbodet for dei unge er best utbygt i samfunnet. Ei anna gruppe som lett kan falla utanfor er utanlandske innsette. Dei har ikkje same rettane etter opplæringslova som norske innsette har, sjølv om deira rett til utdanning er nedfelt i internasjonale konvensjonar og tilrådingar. I stortingsmelding nr. 27 (2004-2005) står det at departementet går inn for at retten til opplæring for utanlandske innsette må sikrast, slik at dei er betre i stand til å halda fram med utdanning eller arbeid i heimlandet sitt. Ein slik intensjon er viktig å følgja opp med handling.

